

NORDDAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

08.02.2016

Kopi til: Ordføreren
Rådmann
Revisor

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

måndag 15.02.2016 kl. 15.00 på rådhuset

SAKLISTE:

- « 01/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 22.10.2015
- « 02/16 - Oppgåver for kontrollutvalet, oversikt over sakstypar og årshjul
- « 03/16 - Kontrollutvalsboka - spørreunde
- « 04/16 - Brev frå Norddal eldreråd, råd for likestilling av funksjonshemma i Norddal kommune datert 16.11.2015 og NFU Norddal Lokallag datert 28.12-2015
- « 05/16 - Tvist mellom kommunen og grunneigar vedkomande deponering av , masse
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Gudmund Relling
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I NORDDAL KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 22. oktober 2015
Møtestad: Rådhuset kl. 11.30

Møtet vart leia av: Jon Kåre Løvoll

Elles til stades: Turid Aspehjøll og varamedlem Svein Vidar Normann

= **3 voterande**

Solveig Linge Stakkestad, Olav Løvoll og Arild Nærø hadde forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

Frå kommunerevisjonen møtte revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.

Frå Norddal kommune møtte rådmann Tor Helge Stavdal i heile møtet og Einar Lied, leiar for TSSN i sak 13/15 og 14/15. Økonomisjef Anne Nygård møtte i sak 12/15.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 11/15 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 15. JUNI 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 15. juni 2015 blir godkjent.

SAK 12/15 VALLDAL FJERNVARME AS

Forslag til vedtak/innstilling datert 13.10.2015 frå kontrollutvalsekretariatet:

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Kontrollutvalet legg vidare følgjande **innstilling** fram for kommunestyret:

Kommunestyret ber rådmannen legge fram ein oversikt som viser dei økonomiske konsekvensane av kommunen sitt engasjement i Valldal Fjernvarme AS.

Punkt 1 vart samrøystes vedteke. Punkt 2 vart samrøystes endra og lyder slik:

Kommunestyret ber rådmannen legge fram ein oversikt som viser kostnader, samt støtte som kommunen har gitt/motteke ved etablering av Valldal Fjernvarme AS.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes eit nytt punkt som lyder slik:

Det blir vidare vist til rapportering frå kommunerevisjonen datert 10.06.2015 og 20.08.2015.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak lyder dermed slik:

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Det blir vidare vist til rapportering frå kommunerevisjonen datert 10.06.2015 og 20.08.2015.
3. Kontrollutvalet legg vidare følgjande **innstilling** fram for kommunestyret:

Kommunestyret ber rådmannen legge fram ein oversikt som viser kostnader, samt støtte som kommunen har gitt/motteke ved etablering av Valldal Fjernvarme AS.

SAK 13/15

KOMMUNEN SITT ANSVAR FOR OPPFØLGING AV PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Innstilling datert 13.10.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Norddal kommunestyre føreset at administrasjonen etablerer slike rutiner for saksbehandling at tiltak som er i strid med reglane i plan- og bygningslova med forskrift blir følgt opp.
2. Kommunestyret føreset at administrasjonen så snart som råd legg til rette for at reglane for framtida blir følgt.

SAK 14/15

KLAGE PÅ UTVIDING AV JEMTEGÅRD FERIESENTER

Saksdokument/forslag til vedtak datert 13.10.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet føreset at rutinane blir skjerpa når det gjeld svarfristar på mottekne brev, jf. forvaltningslova § 11.
2. Kontrollutvalet tek forøvrig saka til orientering.

SAK 15/15

PROSJEKTSKISSE – SAKSUTGREIING OG OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK I NORDDAL KOMMUNE

Saksdokument/forslag til vedtak datert 13.10.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektskissa for saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak i Norddal kommune.

SAK 16/15

**BREV FRÅ FJØRÅ OG VALLDAL PENSJONISTLAG OG PENSJONISTLAGET
KVELDSSOL**

Saksdokument datert 13.10.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir utsett i påvente av meir informasjon.

møtet slutt ca kl. 12.50.

Jon Kåre Løvoll
leiar
(sign.)

Turid Aspehjel
medlem
(sign.)

Svein Vidar Normann
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTValsekretariat IKS**

Kontrollutvalet i
Norddal kommune

Dato: 08.02.2016

**SAK 02/16
OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR,
ÅRSJUL**

1. Innleiing

Ordninga med at kommunar vart pliktig til å oppnemne eigne kontrollutval, vart innført med kommunelova i 1992 (lov 25.september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner). Tidlegare hadde denne funksjonen med tilsyn og kontroll med kommunane vore plassert hjå formannskapet og eksterne organ, som fylkesmannen. Sistnemnte har, slik som andre eksterne kontrollorgan har framleis ein del kontroll- og tilsynsoppgåver med kommunane, men ikkje i same omfang som tidlegare.

Det vart i samband med forarbeida til kommunelova (Ot.prp. nr. 42 (1991-1992)) lagt betydeleg vekt på kontrollfunksjonen som kontrollutvalet skulle ha. Føresetnadene var på den eine sida at kommunestyret/fylkestinget skal trekkje opp meir overordna og langsiktige retningslinjer for den kommunale/fylkeskommunale verksemda, samt at dei på den andre sida skal kontrollere at desse vert følgt opp i praksis.

Ved lovendringa i 2003 var hovudfokuset på at kontrollutvalet skulle få ein meir aktiv og uavhengig rolle overfor kommunen samt dei som var ansvarlig for revisjon av kommunens verksemd. Ved lovendringa vart det eit nytt kapittel 12 som omhandlar internt tilsyn og kontroll, samt revisjon. Kapitlet erstatta den tidlegare § 60.

Hovudsiktemålet for kontrollutvalet sitt arbeid er gjennom sitt løpande tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunal verksemd, i størst mogleg grad å vere med på å sikre at kommunens verksemd er i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt skape tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapets ressursar på vegne av kommunens innbyggjarar.

2. Avgrensing

I det vidare ønskjar ein i hovudsak å framstille ein oversikt over saksbehandlinga i kontrollutvalet, herunder ein oversikt over saker fordelt på tre hovudkategoriar: Saker kontrollutvalet skal behandle, saker kontrollutvalet bør behandle, samt saker som elles kan

takast opp til behandling. Ein vil samstundes prøve å lage ein oversikt over saker som blir behandla kvart kalenderår samt saksbehandlinga av desse, med tillegg av saker som elles kan komme opp og der det finst vedtekne prosedyrar for saksbehandlinga.

3. Heimelsgrunnlag

Kontrollutvalet si saksbehandling er heimla i kommunelova §§ 77, 78 og 80 samt i forskrift av 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskriften) og forskrift 15. juni 2004 nr. 904 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. (revisjonsforskriften)

4. Saker til behandling i kontrollutvalet

4.1 Saker som skal behandlast i kontrollutvalet

4.1.1.1 Årsrekneskap

Det følgjer av kommunelova § 77 nr 4 at ”*kontrollutvalget skal påse at kommunens.. regnskaper blir revidert på en betryggende måte.*” Med rekneskap må ein her forstå årsrekneskap. Kva årsrekneskap omfattar og skal innehalde, følgjer av kommunelova § 48.

I dei tilfella der kommunen har skilt ut delar av si verksemd i eigne føretak som kommunale føretak (KF), er kontrollutvalet pliktig til å behandle desse då dei ikkje er eigne rettssubjekt, men ein del av kommunen og saman med rekneskapen til kommunen avspeglar dei den samla verksemda i kommunal regi.

4.1.1.2 Årsmeldingar

Det følgjer av koml § 48 nr 1 at årsmelding skal føreligge seinast samtidig med årsrekneskapen til kommunen eller dei kommunale føretaka. Årsmelding og årsrekneskap skal samla sett gi eit heilheitleg bilete av den samla verksemda i kommunen i det føregåande året. Dette gjeld og for kommunale føretak.

Herunder ligg og om ønskjeleg utarbeiding av årsmelding for kontrollutvalet. Sjølv om kontrollutvalet fortløpende rapporterer til kommunestyret om resultatane av sitt arbeid, jf. koml § 77 nr 6, ser ein det som naturleg at utvalet også tek ei årleg oppsummering av saker som har vore oppe til behandling i utvalet.

4.1.1.3 Oppfølging av revisjonsmerknader

Det følgjer av kontrollutvalgsforskrifta § 8 ei plikt for kontrollutvalet å sjå til at eventuelle merknader eller forhold revisor har påpeikt i samband med årsrekneskapen blir følgt opp.

4.1.2 Forvaltningsrevisjon

4.1.2.1 Overordna plan for forvaltningsrevisjon

Koml § 77 nr. 4 andre punktum slår fast at kontrollutvalet skal ”*påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*”. Vidare skal kontrollutvalet sjå til ”*at det blir gjennomført systematiske vurderingar av*

økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger” - forvaltningsrevisjon.

Det følger av kontrollutvalgsforskrifta § 10 at det blir utarbeidd ein overordna plan for forvaltningsrevisjon minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert,

Kva ein forvaltningsrevisjon skal innehalde, følgjer av revisjonsforskrifta § 7.

4.1.2.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

So snart forvaltningsrevisjon er gjennomført, skal kontrollutvalet i samsvar med § 11 i forskrifta gi rapport til kommunestyret om resultatane av denne. Dette samsvarer med revisjonsforskrifta § 8.

4.1.2.4 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknytning til behandling av forvaltningsrevisjonsrapportar blir følgd opp, jf kontrollutvalgsforskrifta § 12.

I denne samanhengen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten har blitt følgd opp. Tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje har blitt følgd opp på ein tilfredsstillande måte, er kontrollutvalet pliktig til å rapportere.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar skal systematisk følgjast opp for å sjå til at forvaltninga iverkset tiltak for å rette opp påviste avvik.

Det er kommunens administrative leiding med rådmannen i spissen som har ansvar for oppfølginga av kommunestyrets merknader. I dette ligg at det er administrasjonen sjølv, ikkje kontrollutvalet, som kan fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik i det konkrete tilfellet.

4.1.3 Selskapskontroll

4.1.3.1 Plan for selskapskontroll

I samsvar med koml § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet ”*påse at det føres kontroll med forvaltninga av kommunens interesser i selskaper m.m.*” Det er gitt ein eigen særbestemmelse om selskapskontroll i koml § 80.

Minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll, jf kontrollutvalgsforskrifta § 13.

Herunder vil det gjerne følgje med ei liste over dei selskapa det er relevant å føreta selskapskontroll av på vegne av kommunestyret.

Kva ein slik selskapskontroll skal omfatte, følgjer av forskriftas § 14.

I tillegg til selskapskontroll, er det ikkje til hinder at det samtidig blir gjort ein forvaltningsrevisjon av det respektive selskapet. Det følgjer av forskrifta § 14 andre ledd.

Selskapskontrollen er som med forvaltningsrevisjon, ei bestilling kontrollutvalet gjer. Utføringa av denne kontrollen er det ofte hensiktsmessig å tillegge ansvarleg revisor.

I dei tilfella det kun er snakk om å få utført selskapskontroll (eigarskapskontroll), er det ikkje noko til hinder for at denne kan utførast av kontrollutvalets sekretariat.

4.1.3.3 Rapportering om selskapskontroll

Utført selskapskontroll skal rapporterast til kontrollutvalet. Utvalet avgjør sjølv korleis rapporteringa skal føregå, samt kva rapporten skal innehalde. Etter eit kontradiktorisk prinsipp, skal eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunens eigarfunksjon, alltid gjevast høve til å gjeve uttrykk for sitt syn på dei forholda som er omtala i rapporten. Dette følgjer av forskrifta § 15.

4.1.4 Revisjonsplan

Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 9 at kommunens verksemd blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg utarbeiding av revisjonsplan. Då også revisor er ansvarlig for planlegging, gjennomføring og rapportering av rekneskapsrevisjon for den enkelte kommune, jf. revisjonsforskrifta § 4, vil ein revisjonsplan også omhandle rekneskapsrevisjon. I dei tilfelle det skal gjennomførast selskapskontroll, bør også dette innarbeidast i planen. Kontrollutvalet har ei "bestillarrolle" når det gjeld forvaltningsrevisjon. Utvalet er pliktig til å sjå til at revisjon blir gjennomført, men at oppdraget for sjølve gjennomføringa blir sett ut til revisjonen. Med tanke på den bestiller – utførar rolla mellom kontrollutvalet og revisjonen, ser ein det som ein naturleg konsekvens at revisjonen også utarbeider revisjonsplana (t.d. plan for forvaltningsrevisjon).

4.1.5 Rapport frå revisjonen

Oppdragsansvarleg revisor skal rapportere tilbake til kontrollutvalet resultata av sin revisjon og kontroll. Denne rapporteringa kan med fordel gjerast halvårleg.

4.1.6 Anna

4.1.6.1 Vurdering av revisors uavhengigheit

Den som utfører revisjon på vegne av kontrollutvalet, skal løpande vurdere si uavhengigheit. Det følgjer av revisjonsforskrifta § 15 at oppdragsansvarleg revisor kvart år, avgir ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

4.1.6.2 Val av revisjonsordning

I dei tilfeller der kommunen vurderer å tilsette egne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon (IKS), eller inngå avtale med annan revisor, skal kontrollutvalets innstilling i saka leggest til grunn. Det følgjer av koml. § 78 nr 3, samt forskrifta § 16. Kontrollutvalet kan og av eige tiltak føreta ei slik utgreiing og avgi innstilling overfor kommunestyret. Utgreiing av revisjonsordninga kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariatet eller andre eksterne.

4.1.6.3 Val av revisor

Som med punktet ovanfor, skal val av revisor for kommunen skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, jfr. koml § 78 nr 4. Kontrollutvalet kan av eige tiltak foreta utgreiing og leggje fram innstilling i saka. Denne saka må sjåast i samanheng med ovanstående punkt.

4.1.6.5 Budsjettbehandling

I samband med den årlege budsjettbehandlinga, skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapets innstilling til kommunestyret. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 18. I revisjonsselskap organisert som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet, jf lov av 29.januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

4.2 Saker som kontrollutvalet bør behandle

4.2.1 Oppfølging av politiske vedtak

I løpet av eit kalenderår vedtek kommunestyret mange saker av ulikt omfang. Det er kommunens administrasjon som skal effekteure desse vedtaka. Då kontrollutvalet utleiar sin kompetanse frå kommunestyret som øvste tilsynsorgan med den kommunale forvaltninga, koml § 77 nr 1, jfr. § 76, og førestår det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, fell det naturleg at utvalet også krev ei orientering og oversikt over saker som ikkje har blitt iverksett frå administrasjonen si side. Ei ikkje iverksett avgjerd fatta av kommunestyret vil vere å sjå på som i strid med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet bør da kunne krevje at administrasjonen legg fram ein oversikt over vedtak som heilt eller delvis ikkje er iverksett, samt ei begrunning frå administrasjonen for denne situasjonen. Kontrollutvalet kan kun krevje å få seg førelagt kva saker det er snakk om, kva saken gjeld og kva forhold som har vanskeleggjort gjennomføringa frå administrasjonen si side. Kompetansen inn i mot korleis administrasjonen vel å iverksette vedtak fatta i folkevalde organ, ligg til den administrative leiinga, med mindre det følgjer av lov eller i medhald av lov, eller kommunestyret har lagt føringar eller vedtekne retningslinjer for korleis slike avgjerder skal iverksettast.

4.2.2 Skatterekneskap

Tidligere vart skatterekneskapen revidert av den lokale revisjonen som ga ei halvårleg revisjonsmelding til kommunen. Denne funksjonen vart 1. juli 2004 overført til Riksrevisjonen. Samtidig opphøyde denne tilbakerapporteringa til kommunen. Etter denne dato blir det kun gitt ein årleg kontrollrapport som blir oversendt kommunen.

Kontrollrapporten gir kommunen tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld og eventuelle forslag til tiltak og forbetningspunkt. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetningar. Vidare blir det frå Skattedirektoratets side forventa at skatteoppkrevjaren oversender skatterekneskapen og kopi av dokumentet til kommunestyret/kontrollutvalet.

4.2.3 Retningslinjer for selskapskontroll

Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 14 kva ein selskapskontroll skal innehalde. Sjølve gjennomføringa av selskapskontroll er ikkje regulert i revisjonsforskrifta. Av den grunn bør kontrollutvalet utarbeide egne retningslinjer for korleis selskapskontroll skal gjennomførast som eit tillegg til forskrifta § 14. Dette kan kome inn i planen for selskapskontroll.

4.3 Saker som elles kan bli behandla i kontrollutvalet

4.3.1 Rekneskapsrapportar

I samsvar med budsjettforskriftene skal det leggst fram regnskapsrapportering minst to gongar pr. år utanom årsrekneskapan for kommunestyret. Desse rapportane bør også bli behandla i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at årsrekneskapan blir lagt fram i tråd med gjeldande regelverk.

4.3.3 Referat og orienteringar

Kontrollutvalet bør få ei tilbakemelding om saker som har vore behandla i dei ulike folkevalde organa i kommunen. Spesielt gjelder det saker kor kontrollutvalet har gitt si fråsegn eller kor saka er utarbeidd med innstilling frå kontrollutvalet. Andre relevante saker kan vere tilbakemelding frå møte kor leiar og eventuelt nestleiar i utvalet har vore med.

4.3.4 Gjennomgang av møtebøker

Kontrollutvalet skal foreta eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga. Av den grunn kan det vere praktisk å føreta ein gjennomgang av møtebøker for dei andre folkevalde organa i kommunen. Dette for å sikre at vedtaka er i tråd med formell kompetanse som er gitt og att desse er i samsvar med gjeldande delegeringsreglement, samt lover og forskrifter og sjå til at saksbehandlinga er i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak skal beslutningsprosessane vere i tråd med forvaltningslova, offentleglova og kommunelova sine eigne bestemmelsar. For det tredje gjeld det å sjå til at dei vedtaka som er fatta innhaldsmessig ikkje strir mot gjeldande lov og regelverk.

4.3.5 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan sjølv bestemme seg for om og eventuelt når møte skal fastsettast. Legg ein til grunn dei tidsfristane som gjeld for behandlinga av ulike sakstypar, kan ein ut i frå desse kunne sette opp ein møteplan for kontrollutvalet si verksemd. Dei opplysningane som kjem fram i punkt 5 om tidsfristar for behandling samanhalde med utkast til årshjul, gir kontrollutvalet ein forholdsvis klar oversikt med tanke på kva for saker ein kan forvente å behandle i dei forskjellige møta.

4.3.6 Reglement for kontrollutvalet

Kommunelova § 77 og kontrollutvalsforskrifta kapittel 8 §§ 19 og 20 omhandlar saksbehandling i kontrollutvalet, samt sekretariatet si rolle. Bestemmelsane er ikkje til hinder for at det enkelte kontrollutval kan vedta eigne reglement som utfyller forskrifta. Herunder kan ein avklare

- fullmaktsforhold,
- saksbehandlinga,
- utvalet si samansetting/representasjon i kommunestyret,
- forholdet KU/sekretariat
- forholdet KU/revisjon, samt
- forholdet sekretariat/revisjon

4.3.7 Sentrale styringsverktøy i kommunen

Samtlege kommunar er meir eller mindre pålagt å utarbeide sentrale styringsverktøy for den kommunale verksemda innanfor dei ulike forvaltningsområda.

Det kan vere:

- **Økonomireglement**
- **Delegeringsreglement**
- **Personalhandbok**
- **Reglement for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt til folkevalde**

Oppgåva for kontrollutvalet blir å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med eigne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

4.3.8 Krav til god forvaltningsskikk

Nokre gonger kan det komme enkeltsaker som ikkje er behandla i tråd med gjeldande regelverk. Krav til god forvaltningsskikk er ein ulovfestet rettsleg standard som i den seinare tida i stor grad har blitt lovfesta gjennom ulike prinsipp. Krav til god forvaltningsskikk skal føreligge ved sjølve saksbehandlinga.

5. Tidsfristar for behandlinga

Lover og regelverk samt sentrale styringsverktøy i kommunen fastset spesifikke fristar for når behandlinga av dei ulike sakene skal skje i folkevalde organ. Under følgjer ei oversikt over saker samt når dei skal vere framlagt for behandling.

Årsmelding /årsrekneskap skal bli behandla samtidig og innan 1. juli forskrift av 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) § 10)

Revisjonsmelding skal bli levert av oppdragsansvarleg revisor utan unødig opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april (jf. revisjonsforskrifta § 5) Det følgjer vidare at revisjonsmelding skal bli levert også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

Regnskapsrapportane skal behandlast tertialsvis i kommunestyret

- Regnskapsrapport 1.tertial (pr 30.april) politisk behandling i juni
- Regnskapsrapport 2.tertial (pr 30.august) politisk behandling i oktober

Ved investeringsprosjekt kan det vere krav om avlegging av **sluttrekneskap** til politisk behandling.

Overordna plan for forvaltningsrevisjon skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg (jf kontrollutvalsforskrifta § 10)

Plan for selskapskontroll skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert (jf kontrollutvalsforskrifta § 13)

Oppfølging av politiske vedtak

For at saka skal vere aktuell, bør ho vere framlagt tidleg på året og seinast samstundes med behandlinga av årsrekneskapen for kommunen, dvs innan 1. juli. Dermed vil saka være med på å skape eit heilheitleg bilete av kommunen si verksemd i det føregåande året.

6. Rapportering til kommunestyret

Mesteparten av dei sakene som det er gitt oversikt over ovanfor, skal rapporterast vidare til kommunestyret. I dei tilfeller bør saka/sakene vere førelagt kontrollutvalet i god tid og seinast 2 veker før handsaming skal skje i kommunestyret.

I dei saker kontrollutvalet ikkje pliktar å leggje fram saka for kommunestyret i lov eller medhald av lov, vil saka som hovudregel bli sett på som avgjort i kontrollutvalet.

I dei tilfelle ligg det til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva dei ynskjer å orientere kommunestyret om.

7. Kontrollutvalet sin innstillingsrett

Som hovudregel er kontrollutvalets innstillingsrett ovanfor kommunestyret eksklusiv. Det inneber at det er kun utvalet som legg fram saka. Kommunens administrasjon skal i samsvar med koml. § 77 nr. 6 andre punktum allereie ha fått høve til å få uttalt seg i saka.

Unntaka er i hovudsak innstilling i samband med årsmelding/årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak (KF). Her vil kontrollutvalet kun komme med ei fråsegn som vert lagt ved rekneskapen. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 7. Denne fråsegna vil i hovudsak basere seg på revisjonsmeldinga gitt av oppdragsansvarleg revisor

På bakgrunn av ovanstående legger en saka fram for kontrollutvalget med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Norrdal kommune

Dato: 08.02.2016

**SAK 04/16
BREV FRÅ NORDDAL ELDRERÅD, RÅD FOR LIKESTILLING AV
FUNKSJONSHEMMA I NORDDAL KOMMUNE OG NFU-NORDDAL LOKALLAG**

Som vedlegg følger:

- Brev frå Norddal eldreråd datert 16.11.2015
- Brev frå råd for likestilling av funksjonshemma i Norddal kommune datert 16.11.2015
- Brev frå NFU Norddal Lokallag datert 28.12-2015

I breva frå eldrerådet og rådet for funksjonshemma samt NFU går det fram at dei ønskjer ei forvaltningsmessig og lovmessig vurdering av arbeidet i råda sett i lys av lover, forskrifter, forarbeid til lovene samt mandat gitt av Norddal kommunestyre.

Etter lova om eldreråd er eldrerådet eit rådgjevande organ for kommunen og rådet kan sjølv ta opp saker som gjeld eldre i kommunen. Lova gjeld også råd for menneske med nedsett funksjonsevne so langt den passar. Råda kan arbeid breitt med mange type saker, men har berre ein rådgjevande funksjon. Råda vil vere høyringsinstansar for kommunane.

Brevet frå eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma er adressert både til kontrollutvalet og fylkesmannen. Det er ikkje normal praksis for eit kontrollutval å gå inn i saker som ligg hos fylkesmannen.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k:

Kontrollutvalet vil ikkje gå inn i denne saka.

Harald Rogne
dagleg leiar

Norrdal Eldreråd
Råd for likestilling av funksjonshemma i Norrdal kommune
Postboks 144
6211 Valldal

16.11.2015.

Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
Postboks 2500
6404 Molde

VURDERING AV BRUKERMEDVIRKNING

Norrdal Eldreråd og Råd for likestilling av funksjonshemma ønsker vurdert brukermedvirkning sett i forhold til:

1. Lov om kommunale helse og omsorgstjenester m.m. (helse -og omsorgstjenesteloven) kap 3. - § 3-10 1., 2. og 3. ledd.
2. Kommunestyresak 004/15 og 005/15
3. Uttale fra eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma under orienteringssaker i møte henholdsvis den 02.06.2015 og 04.06.2015.
4. Notat fra rådmannen av 17.07.2015.
5. Avisartiklene «Skil institusjon» , «Skammeleg.....» og leserinnlegg « Referat fra møte.....» i Storfjordnytt i sommer.

Eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma fungerte som brukerutvalg for hjemmeboende tjenestemottakere - enten i leid kommunal omsorgsbolig eller egen bolig - fram til 09.06.2015.

Ingen av rådene har blitt kontaktet om omleggingsarbeidet innen omsorgstjenestene.

Rådene mener at brukermedvirkning er en menneskerett, at brukerne og deres pårørende utgjør en ressurs og at brukerinformsjon ikke er brukermedvirkning.

På forhånd takk!

Med vennlig hilsen for
Norrdal Eldreråd
Råd for likestilling av funksjonshemma i Norrdal kommune

Svein Vidar Normann
Svein Vidar Normann

leiar (begge rådene)

Kopi: Kommunestyret i Norrdal kommune v/ ordfører
Pensjonistforbundet i Møre og Romsdal, Myrabakken 2, 6413 Molde
NFU Møre og Romsdal fylkeslag, Postboks 4017 Moa, 6048 Ålesund
Norges Handikapforbund Nord Vest, Fabrikkveien 13, 6415 Molde
Eldrerådet i Møre og Romsdal, Fylkeshuset Postboks 2500, 6404 Molde
Rådet for likestilling for funksjonshemma i Møre og Romsdal, Fylkeshuset Postboks 2500,
6404 Molde
Fjørå og Valldal Pensjonistlag
Kveldsøl Pensjonistforening
Norsk Forbund for utviklingshemma Norrdal lokallag
Pårørende- og brukerforeninga i Norrdal

Omsetning av eigedommar

Norddal kommune:

Gnr 10 bnr 79 er seld for 80.400 kroner frå Norddal kommune til Anne Gry Myklebust Vestre og Ingbjørn Vestre (04.06.2015).

Del av gnr 49 bnr 72 er overdregen frå Liv Heira Svergja til Tore Erling Aarseth (12.06.2015).

Del av gnr 4 bnr 4 er overdre-

gen for 1.332.000 kroner frå Odd Gunnar Hjellevi til Hillevi Maria Gjerde (15.06.2015).

Gnr 10 bnr 92 er seld for 1.500.000 kroner frå Kaia Oline Krågebakk til Tor Ketil Bergtun (16.06.2015).

Gnr 15 bnr 7 er overdregen frå John Høghjelle til Astri Høghjelle.

Overdraginga omfattar også gnr 16 bnr 4.

Gnr 64 bnr 22 er seld for 400.000 kroner frå Lise Karin Indreide Kvalvik til Kirsten Helene Ytterdal Rosnes (26.06.2015).

Del av gnr 10 bnr 8 er seld for 1.066.000 kroner fra Astrid Omenås Bokn og Ola Omenås til Lars

Omenås (30.06.2015).

Stordal kommune:

Kvitlevegen 38 (gnr 129 bnr 18) er overdregen frå Oddlaug Petrine Sten til Berit Margrethe Sten Berg og Rolf Erik Sten (02.06.2015).

Gnr 121 bnr 3 er overdregen frå Egil Flakk til Knut Trygve Flakk

(03.06.2015).

Dyrkorn 47 (gnr 117 bnr 5) er seld for 610.000 kroner frå Cato Nordbakk til Jurgita Pivoriuniene og Darius Samavičius (04.06.2015).

Del av gnr 114 bnr 3 er overdregen frå Ivar Arne Skotte til Arne Skotte (16.06.2015).

Gnr 132 bnr 16 er seld for 42.980

Skil institusjon og heimetene

Omlegginga innan pleie- og omsorgstenestene (PLO) i Norddal kommune er i gang. Prosessen kjem til å gå over tid og første fase er rekna å vere ferdig i løpet av hausten.

Britt Ingunn Maurstad
britt@storfjordnytt.no

Assisterande rådmann Helge Svensvik hadde ei kort orientering for politikarane då dei var samla til det siste kommunestyremøtet før sommaren. Svensvik opna med at det er to ting som peiker seg ut når det gjeld pleie- og omsorgssektoren i kommunen, det eine er at løyvingane minkar og det andre er omlegging av tenesteinnhaldet. Begge deklar har sin bakgrunn i kommunestyrevedtak.

Ein årelang prosess

Når Storfjordnytt tar seg ein prat med den assisterande rådmannen om omleggingsarbeidet, byrjar han med eit tilbakeblikk, mellom anna på utviklinga i kommuneøkonomien. At inntektene til kommunen har gått ned er ingen ny situasjon, slik har det vore i fleire år. Svensvik fortel at dette har gjenspegl seg i budsjetta til einingane, også innan PLO.

– Vi forventar at budsjetta vil halde fram med å bli lågare i åra som kjem. I tillegg har ein i Norddal kommune hatt ein altfor institusjonsbasert eldreomsorg som er dyr å drifte, meiner Svensvik.

Han seier at det å skulle leggje om drifta innan PLO ikkje er noko nytt, men novevrande organisering av pleie- og omsorgstenestene har ein hatt i om lag 15 år.

– Den store skilnaden mellom før og no, er at før har ein sett i gang omstillingsarbeid fordi det har vore eit ønske om endring, ikkje fordi ein må og difor har ein nok ikkje dei tidlegare prosessane gjeve særleg resultat. No er kommunen nøydd, seier han.

Likevel, Svensvik presiserer overfor Storfjordnytt at det er mykje kommunen tar med seg vidare frå måten tenestene har vore organiserte på dei siste åra.

– I fellestenestene vil kommunen ta vare på ein del av dei positive erfaringane frå organiseringane dei siste åra og bygge

vidare på det. Det skal også vere slik at begge dei to "nye" einingane skal hente støtte i fellestenestene.

Fellestenestene kan mellom anna omfatte eit felles inntakskontor, noko det vil bli arbeidd med i løpet av sommaren. Her skal søkjarar til både heimetester og institusjon vurderast og vedtak gjerast ut frå kva behov kvar einskild har. Svensvik meiner at eit inntakskontor vil sikre meir lik handsaming og praksis når det gjeld tildeling av tenester.

– Ikkje minst vil eit inntakskontor sikre at brukarane får rette tenester i tråd med behovet dei har.

Heimetenesta eiga eining

Den største skilnaden frå stik det har vore dei siste åra til slik det skal bli, er at heimetenesta vert skilt ut som eiga eining. Det betyr at kommunen gradvis skal mest mogleg vekk frå den institusjonsliknande eldreomsorga.


– Norddal kommune har, sett i høve folketallet, mange døgnbemanna omsorgsbustader.

Han meiner at dei aller fleste vil bu heime så lenge dei kan, og difor skal tenestene vriast frå å vere passiviserande til å oppmuntre dei eldre til framleis å kunne vere aktive nok til å greie seg sjølve. Likevel skal det vere slik at folk skal få dei tenestene dei har behov for, anten det er heime, i ei leittstelt leilighet i ein omsorgsbustad eller på institusjon.

Svensvik seier det også er slik at omsorgsbustadene i Vallidal ikkje stettar dagens krav til slike bustader, og at det også vert sett på å gjere noko med dette. Mellom anna kan det vere eit alternativ å bygge nye, ettersom der for tida er gode statlege støtteordningar til slike tiltak. Det vert presisert at ein omsorgsbustad ikkje er nokon institusjonsplass, men ei leilighet for dei som fint kan greie seg på eiga hand heime med litt hjelp, berre dei slepp eit stort og upraktisk hus.

– Dette er noko vi no ser på, til liks med å få "Lofet" ned på bakkeplan.

Svensvik seier at ei omlegging av innhaldet i heimetenestene slik det er tenkt må ta tid. Difor skal denne tenesta få lov til å "vere seg sjølv nok" som han kallar det i ei tid framover.



Heimetester og institusjon skil lag – og heimetenestene skal ha base i omsorgsbustadene i Vallidal og Eidsdal.

Historisk situasjon

Når det gjeld institusjon, så har Norddal kommune for første gong i historia venteliste på sjukeimsplass. Avdelingsjukepleiar ved sjukeheimen, Marit Øvrevoll, fortel at det dreier seg om eit par personar som no ventar på plass.

– Korleis blir desse ivaretekne medan dei ventar?

– Det må jo då falle meir på heimetenesta og familie, seier ho.

Øvrevoll fortel at dei er i ein prosess der ein skal gå frå totalt 30 plassar fordelt på seks demensplassar, 20 langtidsplassar på sjukeheimen og seks korttidsplassar og ned til totalt 26 plassar. Dei skal fordele seg på seks demensplassar, 16 langtidsplassar på sjukeheimen og fire korttidsplassar.

Per i dag har ein ikkje kome heilt i mål med omgjerding av langtidsplassar til korttidsplassar, i dag er det slik at tre rom på sjukeheimen er gjort om frå langtids- til korttidsplassar og ein har 17 langtidsplassar. Det vil seie at ein korttidsplass framleis er i omsorgsbustaden i Vallidal.

Under sjukeheimen ligg også reinhald/vaskeri og administrasjon. Desse har ein ifølgje Svensvik ikkje sett på førebels, det vil ein starte på til hausten.

Ringeklokka på veg ut

Det vart også gjort vedtak i kommunestyret om to fysiske omleggingar på omsorgsbustadene i kommunen. Det eine er omlegging av brannvarslinga, og den andre er omlegging til alarmer.

I høve det siste, er det no gått ut brev frå kommunen til alle

bebruarane på dei døgnbemanna kommunale omsorgsbustadene om at ringeanlegget vil bli kopla ut. Det vil seie at det frå 1. september ikkje vil vere høve til å tilkalle hjelp ved å bruke den velkjente ringesnora. Det står å lese i brevet som er sendt ut at alle som ikkje allereie har det, vil få tilbod om å få installert tryggleiksalarm.

Tryggleiksalarmen må det søkjast om, på dertil eigna skjema som heiter "soknad om pleie- og omsorgstenester" og personalet på bustaden kan hjelpe til med dette. På denne måten vil tilbodet til dei som bur i omsorgsbustadene vere likt det dei heimebuande har.

Reduksjon i stillingar

Talet på årsverk har gått ned det siste halve året, både på institu-

kroner frå Else Midtbust og Kjell Arne Midtbust til Line Michelle Storås Sandven (17.06.2015).

Reset 46 (gnr 144 bnr 109) er overdregen for 612.500 kroner frå Leiv Busengdal til Heidi Busengdal (26.06.2015).

Fokkhaugvegen 147 (gnr 158 bnr 45) er seld for 520.000 kroner

frå Langsætrane Utbyggingsselskap as til Elin Molvik Kili og Steinar Kili (26.06.2015).

Kjelde: Statens kartverk

Legen har ikkje forsvunne

Mange har lurt på kvar kommunelege I har blitt av, om han er forsvunnen eller kva som har skjedd.

Administrasjonen i Norddal kommune kan forsikre om at legen på Ingen måte har forsvunne, men at det er rett at han er lite på jobb for tida. Det skuldast dels at han har ferie att frå i fjor som han tar ut,


dels er det utvikling av årets ferie og dels at han har pappapermisjon som også skal takast ut.

Kommunelege II har vore sjukmeldt ei periode, men ho skal no vere attende på jobb.

Pilegrimsleia

Første søndagen i september opnar den nye pilegrimsleia frå Valldal via Dovrefjell til Nidaros etter at det har vore arbeidd med prosjektet sidan 2011. Opningsarrangementet vil vere oppe for alle og går av stabelen i området kring Gudbrandsjuvet i Valldal.

ste



sjon og i heimetenestene. Ved årsskiftet var det 41,5 årsverk i institusjon, og høvesvis 16,9 og 7,8 årsverk i heimeteneste nord og sør. Ved tidspunktet for siste kommunestyremøte, var talet på årsverk i institusjon gått ned til 39,7, medan heimeteneste nord og sør har høvesvis 13,7 og 6,7 årsverk.

Svensvik seier at reduksjonen i stillingar ikkje har ført til oppseiingar, men at dei er oppnådde ved naturleg avgang og omplasseringar.

Organiseringa av dei to "nye" einingane frå hausten slik det er skissert, er at PLO er delt i to einingar, institusjon og heimetenester. Under institusjon ligg dei sjukeheimplassane på somatisk avdeling og Løftet (demensavdeling), reinhald og kjøkken. Her vil det vere ein einingsleiar og

mellom ein og fire teneste-/teamleiarar.

Under eininga heimetenester, ligg heimetenestene på begge sider av fjorden og bustadene for dei funksjonshemma. I tillegg skal dagsenter for demente og kraftsenteret ligge inn under denne eininga. Her skal det også vere ein einingsleiar, i tillegg til ein til tre teneste-/teamleiarar.

Annleis, ikkje dårlegare

Av utfordringar framover, er det fleire det må arbeidast med. Svensvik seier det er eit kritisk element at heimetenesta ikkje har einingsleiar – i tillegg har leiar for pleie og omsorg sagt opp. Han meiner at omstillingsprosessane i dei to einingane gjer at ein må leing som er på staden, dei kan ikkje "fjernstyrast". Difor vart det søkt etter einings-

leiar for heimebasert omsorg. Svensvik fortel at fleire hadde søkt på stillinga og at dei alle var kvalifiserte for jobben.

– Måndag denne veka fekk ein av søkerane tilbod om stillinga, fortel han.

Det er også viktig at alle tilsette, pårørande og ikkje minst, mottakarar av tenester forstår kva endringane i nye måtar vil innebere. På den andre sida, så er dette ein prosess der vegen er nøydd til å bli til medan ein går og prosessen vil gå over lang tid.

– Det er verdt å merke seg at ingen skal få dårlegare tenester, men at tenestetilbodet nok vil opplevast som litt annleis i åra som kjem, avsluttar han.



Anders Vassli Brekke, Thea Marie Ytterdal og Anja Savic Røed har gått på Toneheim saman og kallar trioen sin "Laus".

Talentfulle unge folkemusikarar med konsert

På 20-årsdagen sin inviterte Thea Marie Ytterdal til konsert i Norddal kyrkje søndag kveld. Med seg hadde ho to vener ho har gått på Toneheim folkehøgskule saman med det siste skuleåret.

Britt Ingunn Maurstad
britt@storfjordnytt.no

Thea Marie og fela hennar kjenner alle i Storfjordnytt sitt område – ho er ein talentfull folkemusikar som har planar om å gjere musikken til leveveg og til hausten blir ho elev ved Ole Bull-akademiet.

Huldra i kyrkja

Denne sommarkvelden hadde Thea Marie med seg Anders Vassli Brekke som trakterte alt frå kyrkjeorgel til piano, kontrabass og trekkspel – ein ung mann med mange talent som også skal studere musikk til hausten, instrumentet hans blir orgel.

Den tredje i trioen var Anja Savic Røed – berrføtt og lita og med rufsete hår, såg ho ut som ei hulder. Og huldreeigenskapene hadde jo i rikt monn. Det heiter seg at huldra er ven å sjå til, at ho har ei vakker røyst når ho syng og at det er lett å bli bergteken av ho. Anja var alt dette og saman med dei to dyktige musikarane, var det lett

å la seg bergta av musikken dei framførte.

Mangearta folkemusikk

Thea Marie fortel at dei gjennom det året dei har gått på Toneheim har arbeidd mykje saman, dei har delt slåttar og stev og lært om kvarandre sine folkemusikktradisjonar.

At folkemusikk er så mangt og har mange ulike former, fekk dei som tok turen til Norddal kyrkje høyre, for her var det alt frå kvending til bluegrass til vals, båsullar, slåttar og religiøse folketonar – og mykje anna. Den vakre songen som handlar om at vi ikkje må sove bort sumarnatta,

Nøgd publikum

– No må du skrive fint altså, var beskjeden Storfjordnytt sin utsending fekk frå ein av dei besøkande etter konserten.

Og reaksjonen var representativ for dei framømte: dette var stort! Til og med to engelske publikummarar var til stades, og deira dom var: "extraordinary".

Dei tre i Laus er dyktige musikarar, med nok erfaring til å vere kvitt verste nervøsiteten, men framleis unge og "uerfarne" nok til at det er sjarmende. Og sjølv om det nok ikkje var så moro for songaren då jarnteppet senka seg og båsullane plutselig var vekk, var konserten imponerende likevel. Desse ungdommane kjem vi heilt sikkert til å høyre meir frå i åra som kjem.

Ny eigar av Simek AS

I ei pressemelding heiter det at Simek Holding AS no i juli 2015 har overteke 100 prosent av aksjane i SIMEK AS. Simek Holding AS er eigd av Jan Kåre Isvik og Asle Olav Olsen, begge frå Stordal. SIMEK AS, som har 25-årsjubileum i år, skal framleis ha som mål å utvikle og satse langsiktig på produksjonen og arbeids-

plassane i Stordal kommune.

Eigarskiftet er eit viktig steg i strategien for å vidareutvikle SIMEK AS, og ved å knyte til seg ekstern allsidig kompetanse på «produksjon i Norge», skal det nye styret ha hovudfokus på å utnytte Simek AS sine mulegheiter. SIMEK AS sin kjerneverksemd er å

produsere komponentar i stål og aluminium til møbelindustrien, ein produksjon som skal styrkast med å investere i nytt produksjonsutstyr og ved å ta i bruk nye produksjonsprosessar. SIMEK AS har dei siste åra utvikla nye produkt og etablert seg i nye marknader, mellom anna med

sportsutstyr som fotballmål og ballfangarnett.

Gjennom eit samarbeid med Norges Skiforbund Hopp, er SIMEK AS i gang med å levere komplette K8-hellårshoppbakkar til nærmiljøområde over hele landet.

Nylakkerte golv

På Stordal kommune sine helmesider står det å lese at det har vore vedlikehaldsarbeid i idrettshallen og i grendasalen. Golva vart lakkerte føre veke, og denne veka skal lakken få herde slik at det er klart til bruk når skulen startar att neste veke.

– Skammeleg, rett og slett sl

Det var dei pårørande sin dom over endringane Norddal kommune skal i gang med ved omsorgsbustaden i Eidsdal.

Britt Ingunn Maurstad
britt@storfjordnytt.no

Tysdag denne veka inviterte dei pårørande til dei som bur på omsorgsbustaden i Eidsdal til møte for å drøfte kommunen sine planar om mellom anna å fjerne ringeklokkene og erstatte dei med tryggleiksalarm.

På møtet møtte også representantar frå pårørandeforeininga og eldrerådet.

Ikkje døgnbemanning

Storfjordnytt har tidlegare skrivne om dei politiske vedtaka om endringar i pleie og omsorg i Norddal kommune, som også vedkjem omsorgsbustaden i Eidsdal.


I vedtak som er gjort ligg det at omsorgsbustaden i Eidsdal ikkje lenger skal vere ein døgnbemanna omsorgsbustad som i dag, men i staden vere base for heimetenesene. I tillegg er det vedteke at ringesystemet på bustad skal avviklast og ringeklokkene erstatta med tryggleiksalarm slik heimebuande har. Dette gjekk det ut brev om i sommar, og der det står at noverande ringesystem skal avviklast allereie 1. september. Dette har ført til at både dei som bur der og ikkje minst, dei pårørande kjennar stor grad av uro for korleis framtida blir på «heimen».

– Mykje kjem vekk

Gjertrud Melchior ønskte velkomne med å seie at det er på tide å begynne å reagere, for det er i ferd med å bli mykje som kjem vekk.

Elinor Ruset som har fulgt den kommunale handsaminga av dette gjennom eldrerådet, orienterte møtelyden om kva som er bestemt skal skje, mellom anna at omsorgsbustaden i framtida skal vere base for heimetenesene. Det vil seie at omsorgsbustaden – når heimetenesa er ute på bygda, vil vere ubemanna.

– Då skal de vite at dersom det blir slik at det ikkje er folk på jobb her til eikvar tid, då vil faktisk tryggleiksalarmen vere ei betre og tryggare løysing enn dagens ringesystem der det er ein føresetnad at det alltid er nokon



Pårørande til dei fleste av dei som bur på omsorgsbustaden i Eidsdal stilte på møte på stova denne veka, og dei som ikkje hadde høve til å kome, hadde gitt beskjed o lyden som omfatta både bebuarar og pårørande og andre.

på jobb, sa ho og minte om at systemet som skal innførast er det same som dei som bur heime og som har tryggleiksalarm har.

– Men hugs at det må søkjast om, ein får ikkje automatisk tryggleiksalarm når ringeklokkene blir borte.

Korleis skal dei greie seg?

– Kva er vitsen med å leige seg inn på omsorgsbustaden om det ikkje lenger skal opplevast som trygt å bu her, var ctt av fleire spørsmål frå møtelyden.

Dei pårørande ser på omsorgsbustaden som ein mellomstasjon mellom det å bu heime og det å bu på sjukeheim.

Dei var klare på at dersom planane skal gjennomførast slik dei no ligg fore, med fleire som skal bu heime og for det meste greie seg sjølve, så må heimetenesene styrkast.

– Står det nokon stad at heimetenesene skal styrkast, var det ei som lurte på.

Elinor Ruset minte om kva

ein omsorgsbustad er definert som, nemleg ein bustad for folk som i all hovudsak greier seg sjølv, med litt hjelp, men som av ulike årsaker ikkje lenger kan eller ønskjer å bu heime. Nettopp det uroa mange av dei pårørande til dei i Eidsdal.

– Det er mange som bur her som treng mykje hjelp og som nesten er modne for sjukeheimsplass. Om bemanninga vert redusert, korleis er det tenkt at dei skal greie seg. Ikkje kan dei utan vidare flyttast på sjukeheimen heller, no når det talet på plassar er redusert, var det ein som kommenterte og viste i same høvet til at det i tillegg no er venteliste på sjukeheimsplass.

Bygda stod for bustaden

Lisen Eide som denne ettermiddagen representerte eldrerådet, understreka at det er viktig at dei pårørande står på i slike saker.

– For eldrerådet høyrer dei ikkje på, sa ho.

Ho minte også om at det var

bygda sjølv som tok kostnaden då «heimen» vart bygd for 30 år sidan.

– Den hadde ikkje vore her om ikkje bygda tro til og kommunen hadde minimalt med utgifter knytt til bygging av heimen, meinte ho.

Folk, ikkje tal på papir

Elinor Ruset meinte der ser ut til at administrasjon og politikarar ikkje heilt skjønar rekkjevidda av det dei gjer.

– Dei skjønar ikkje at det er folk det er snakk om i vedtaka sine. Dei trur det berre er eit tal på eit papir. Og dei anar ikkje konsekvensane av det dei gjer. Ein ting er usikkerheita for dei som bur her og dei pårørande, men også usikkerheit for dei som arbeider her, sa ho.

Dei tilsette ved omsorgsbustaden har ikkje vore delaktige i prosessen. Dei tillitsvalde har blitt orienterte, men dei tilsette er blitt svært lite orienterte, kom det fram på møtet. Møtelyden

påpeikte at det er stor skilnad på å bli orientert og å vere delaktig i prosessen.

Krev svar

Dei pårørande samla seg om å skrive til kommunen der dei ikkje berre fortel kva dei synest om planane for omsorgsbustaden, men også listar opp fleire spørsmål dei krev å få svar på.

Mellom dei pårørande lurar på, er kva innsparring ein eigentleg ser fore seg ved omlegginga, dei spør om nokon har vurdert kor mange som vil måtte flytte frå omsorgsbustaden i Eidsdal fordi dei ikkje vil vere i stand til å greie seg når endringane trer i kraft.

Eit anna spørsmål som kom opp, er kva målet med omlegginga eigentleg er, om det er faglege mål eller om det berre er for å spare pengar.

Svar vil dei pårørande gjerne ha når dei om ikkje lenge trommar saman til nytt møte der dei forventar at mellom andre både

Ope møte om hjorteforvaltning

Viltfondet i Stordal inviterer til ope møte om hjorteforvaltning onsdag 19. august på Nilsgardstunet i Stordal.

Magnus Frøyen frå Stiftelsen Norsk Hjortesenter skal halde foredrag. Han tek mellom anna føre seg tema som avskyting, betandsutvikling, datainnsamling og bruk

av data i forvaltninga, bestandsplansamarbeid og måloppnåing.

Kari Dyrkorn seier at møtet er ope for alle og håper at mange finn interesse av dette.

Buss av vegen

Tysdag kørde ein buss av vegen i Geiranger. Bussen, med 22 passasjerar ombord, hadde fått eit hjulpar utanfor vegen og bussen enda opp lent opp mot fjellveggen. Det helle skjedde i låg fart og ingen personar kom til skade – alle passasjerane brukte belte. Bilberging kom etter kvart til for å hjelpe.

Mølltunet vert freda

Møre og Romsdal fylkeskommune varsla i sommar oppstart av freding av Mølltunet i Geiranger.

Sak om freding av Mølltunet vart starta opp allereie i 2007, men lang sakshandsamingstid gjer at det no vert varsla på nytt. Fredningsframlegget omfattar mellom anna fleire bygningar dei tre bruka som

utgjer Mølltunet, Utigard, Bøtel og Framigard. Det gjeld både stovehus, stabbur, løse, tørkestove og anna.

For å ta vare på delar av tilhøyrande kulturlandskap og verknaden av kulturminna i miljøet, er det også framlegg om å freda eit område rundt tunet.

kammeleg



Om at dei ville stille seg bak kva dei enn vart samde om på møtet. Her er litt av møte-



Dei har arbeidd mykje den siste tida med å lage til rås og trapp slik at folk skal kunne kome seg ned på kloster-
tomta på ein fornuftig måte.

Ingen grunnstein i dag

I dag skulle Valldal vere full av gjestar frå fjern og nær i høve nedlegging av grunnsteinen for det planlagte ortodokse klosteret på Syltefjellet.

Britt Ingunn Maurstad
bistorsforjrdnytt.no

I aller siste liten kom det melding om at grunnsteinsseremonien må utsettast.

I pressemeldinga som vart sendt ut tysdag morgon, var grunnen til utsettinga uføresette hendingar innad i patriarkatet i Georgia.

I tolvte time

Glenn Hole, administrerende direktor ved Muritunet og dcn som har halde i trådane når det gjeld invitasjonar og gjesteliste og arrangementet forøvrig, fortel at han så seint som måndag ettermiddag snakka med Georgias ambassadør til Norge som skulle kome til Valldal for å halde tale.

Hole fortel at ambassadøren hadde gitt uttrykk for at alt var klart, og at han gledde seg til å kome til Valldal for mellom anna å halde tale på vegner av det offisielle Georgia. Ambassadøren hadde med helsingar frå

Georgia, frå både regjering og president.

Så kom altså kontrameldinga natt til tysdag om at arrangementet med 117 bekrefte gjestar måtte utsettast, noko som kom overraskande på både for ambassadøren og dei andre involverte i arrangementet.

Hektisk tysdag

Utover tysdagen var det hektisk aktivitet hos dei som har arbeidd med arrangementet, dei hive seg rundt og få gitt beskjed til alle dei 117 gjestane som hadde takka ja til å delta på middagen på Muritunet torsdag kveld.

– Heldigvis rakk vi å avbestille maten i tide, seier Glenn Hole.

Ettersom meldinga om utsetjing av grunnsteinsnedlegginga kom så seint, var mange av dei langvegsfarande gjestane allereie komne eller undervegs då meldinga gjekk ut. Difor vil det i dag bli arrangert ein lunsj for desse gjestane, i tillegg til at dei er inviterte til ei lita samling på klosteromt på morgonen i dag.

Hole seier det sjølvsagt er ergerleg at slikt skjer, men at det iallfall er positivt at kyrkja ikkje har ombestemt seg med omsyn til klosterplanane.

– Dette er ei utsetting, ikkje avlysing av klosterprosjektet.

Sprikande forklaringar

Abbedisse Thavoria og klosteret sin juridiske talsmann, prest og munk Ireneos Archimandrite hadde også ein travel tysdag, spesielt med å handtere pressa. Til NRK Møre og Romsdal vart det sagt at ein nyoperert patriark var årsaka til utsetjinga – som etter kvart vart til at det var difor patriarken ikkje kunne kome. Den forklaringa fekk også Storfjordnytt då vi snakka med han.

Etter kva Storfjordnytt kjener til, var patriarken sjølvsagt invitert til arrangementet, men at han ikkje hadde bekrefte sin ankomst.

Grenselaus rehabilitering

Om grunnsteinsnedlegginga måtte utsettast, kan det likevel kome noko positivt ut av kontakten som har vore med Georgia så langt.

Glenn Hole fortel at han til hausten, mest truleg i løpet av september, skal ha samtaler med helseministeren i Georgia vedkomande samarbeid om rehabiliteringstenester og ikkje minst, kompetanseoverføring.

– Dette kan bli eit spennande samarbeid der Muritunet har mykje å bidra med, seier Hole.



Gjertrud Melchior var mellom dei pårørende som har snakka saman – som førte til møtet denne veka. Ho er svært uroa over kva framtida vil bringe for dei som bur på "heimen" om dei omleggingane som det er lagt opp til blir gjennomførte.

administrativ og politisk leiding deltar.

Ikkje alle var så sikre på at administrasjon og politikarar vil kome når dei blir inviterte, men som ein i motelyden minte om: Det er valkamp i desse tider og at

nokon skal veljast om ein månad, så at det difor bør vere i politikarane si interesse å svare på spørsmåla dei pårørende dei har.

Referat frå møte om endringar ved Eidsdal omsorgsbustad

Stad: Eidsdal Omsorgsbustad
 Tid: 11/8-15 kl. 17.00.

Til stades: Eldar Inge Relling, Marit M. Homlong, Ingrid Aune Hjelle, Oddny Relling Sulebakk, Kari Dahl Haugen, Bjørg G. Dahl, Anne Sofie Aarset, Mette Marie Døving, Britt Ingunn Maurstad (på jobb for SN), Kirsti Indreide, Lindis Marie Nydal, Kjell Rune Dahl, Alv Ivar Eliassen, Reidunn Dahl, Jan Olav Hesthaug, Mariann Lien Holmøy, Ingrid Marie Relling og Gjertrud Melchior. Representantar frå Eldrerådet og Pårørandeforeninga var også tilstade.

Gjertrud Melchior ønska velkomen og sa eit par ord om kvifor initiativet til eit slikt møte vart teke. Ho og Anne Sofie Aarset hadde snakka om dei endringane som er vedteke innan pleie og omsorg:

Eidsdal omsorgsbustad skal avviklast som døgnbemanna omsorgsbustad, det vil seie at det er heimetenesta som vil vere stasjonert her, og at det vil vere ei evt. sovande nattevakt på bustaden. I praksis vil konsekvensen vere at beboarane vert verande utan tilsyn/assistanse i opptil 2,5 timar samanhengande når heimetenesta er på heimebesøk ute på bygda.

Ringesystemet vert lagt ned og erstatta med tryggleiksalarmar for dei som treng det.

Systemet vert det same som om ein brukar skulle ha budd heime.

Brannvakta i Eidsdal vert kopla opp mot sentral brannvarsling.

Det vart gitt fritt ord og mange hadde mykje å kommentere på desse tiltaka:

Arbeidsdagen vil verte vanskeleg for dei ansatte som vil få eit uheldbart ansvar, både for dei heime i eigen bolig og dei som bur på omsorgsbustadane samstundes. Dei kan få alarm når dei er ute på oppdrag og kanskje dei ikkje kan gå i frå, dei vil møte ein usikker kvardag. Sjukemeldingar og misnøye kan verte ein konsekvens. Ingen av dei ansatte har vorte spurt og vore med på prosessen. Dei tillitsvalde har fått informasjon men heller ikkje vore med på prosessen. Dei eldre vil miste verdigheita og tryggleiken sin. Konsekvensar av å legge ned ringesystemet og erstatte dette med alarm kan bli at dei edre er redd for å «komme bort» alarman og tek då denne av seg, sidan dei ikkje greier å kommunisere med alarmsentralen pga. dårleg hørsel eller vanskeleg å forstå ei anna dialekt. Dei vert ansvarleggjort til å ta vare på andre eldre når heimetenesta er ute på oppdrag. Det er skammeleg og uverdige at dei eldre skal måtte flytast

over fjorden fordi dei treng litt meir hjelp og tryggleik enn dei kunne få i heimen sin. Stranda kommune har eit tilbod til dei eldre i alle bygdene. Korleis greier dei å ha eit slikt tilbod og lågare utgifter?

I forskrift og retningslinjer om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene står det: Brukere av pleie- og omsorgstjenester, og eventuelt pårørende/verge/hjelpeverge tas med på råd ved utforming eller endring av tjenestetilbudet. Den enkelte bruker gis medbestemmelse i forbindelse med den daglege utførelsen av tjenestene.

Kommunen skal utarbeide skriftlege prosedyrer som søker å sikre at brukere av pleie og respekt i forhold til tjenestetilbudet, mulighet for samvær, sosial kontakt, felleskap og aktivitet, en verdig livsavslutning i trygge og rolige omgivelser.

Her ser vi mange punkt som vil verte brotne. Bryt Norddal kommune lova ved dei vedtekte endringane?

Vi må synleggjere dei behova som er på eldrebustadane, her vert mykje gjort utan at det vert dokumentert. Alle behova burde vore kartlagde og synleggjort.

Dei eldre som bur på omsorgsbustadane klarer seg bra med det tilbodet dei har no men dersom desse vedtaka trer i kraft vil dei ikkje greie seg, kva skjer då? Tvangsflytting?

Det er ikkje alltid det er best for alle å bu heime, dei som treng litt ekstra vil miste mellomledet mellom å bu heime og sjukeheims plass.

Vi konkluderer med at desse vedtektene er useptable og vil kalle inn dei politiske og administrative leiarane i kommunen for å svare på våre spørsmål.

Ingrid Marie Relling og Kirsti Indreide skriv referat og formulerer spørsmål vi vil stille. Alv Ivar Eliassen kallar inn til nytt møte.

Her er nokre av spørsmåla frå pårørande ang. vedtekte endringar i alarm og bemanning:

- Er det vurdert kor mange av bebuarane som må flytte når tilbodet vert endra.

- Kor stor er innsparinga av personale i høve til meir kostnad med fleire sjukeheims plassar i Valldal. Kva er tilbodet i Valldal? Er det ledige plassar på omsorgsbustadane i Valldal? Kva skjer ved brannalarm eller brann etter dei nye bemanningsplanane? Har dei tilsette vorte spurt om råd? Kva er målsetjingane med endringane? Er det faglege målsetjingar, eller berre økonomiske?

Ingrid Marie Relling
 Kirsti Indreide



Norddal kommune

Rådmannen

TIL PKT 4.

- ein
verdsarvkommune

Mottakere:

Eldrerådet og
Råd for likestilling av
funksjonshemma

Notat

Vår ref.

15/70/FE - 034/1272/70258825

Dato:

17.07.2015

Uttale frå råda vedk omorganiseringa innan pleie og omsorg - svarbrev

Det vert synt til særutskrift frå eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma der administrasjonen vert oppmoda om å skipe eit ope orienteringsmøte for å orientere om endringar innan pleie og omsorg.

Når det skjer endringar er det viktig å fram god informasjon til brukarar, pårørande og tilsette. Til råda si orientering kan det nemnast at det har vore sett i verk mange ulike informasjonstiltak i samband med endringane innan PLO. Det har mellom anna vore ope møte der alle tilsette innan PLO har vore invitert, det har vore fleire møter med dei tillitsvalde, det har vore ulike personalmøter, det har vore orientert i kommunestyret og det har vore skreve i Storfjordnytt ved fleire høve. Seinast 9. juli var det ein brei omtale i avisa der ulike effektar av endringane vart omtalt.

Det har soleis vore sette i verk fleire ulike informasjonstiltak som samla sett har gitt god informasjon. Eit ope møte vert difor ikkje vurdert som det mest hensiktsmessige informasjonstiltaket no. Ein vil likevel halde fram med å gi informasjon som sikrar brukarar og tilsette relevant informasjon. I tillegg vert det gitt jamleg tilbakemelding til kommunestyret.

Med helsing

Tor Helge Stavdal
rådmann



Norddal kommune

Møteprotokoll

Utval: Eldrerådet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 02.06.2015
Tid: Kl. 13:00-15:00

Medlemmer:

Harald Storås

Lovise Eide

Unn Linge Valdal

Svein Vidar Normann, leiar

Ellinor Ruset

Andre:

Magnhild Grønningsæter møtte som sekretær

Svein Vidar Normann
leiar

Magnhild Grønningsæter
sekretær

Saksliste

| Sak nr. | Sakstittel |
|---------|---|
| 011/15 | Godkjenning av møtebok |
| 012/15 | Referatsaker |
| 013/15 | Brukarutval for pleie og omsorg - presisering av vedtak |
| 014/15 | Møteplan 2. halvår - Eldrerådet |
| 015/15 | Statleg finansiering av eldreomsorga |

Møtet vart sett med 5 representantar.

Utdelt i møtet:

- Omsorg 2020; regjeringens plan for omsorgsfeltet 2015-2020

Merknader til innkallinga

- sakene kom seint fram til utvalsmedlemmene.

Merknader til saklista

- leiaren bad om å få ta opp ekstra saker:

Ref.sak 08 og 09:

- Uttale frå eldrerådet vedk. pasientreiser
- Brev til Storting og Regjering

| | |
|---------|--------------------------------------|
| PS14/15 | Møteplan 2. halvår |
| PS15/15 | Statleg finansiering av eldreomsorga |

Orienteringssaker:

Orientering om organiseringa innan pleie og omsorg

Rådet etterlyser orienteringsmøte om status for pågåande omorganisering. Rådmannen opplyser at stillingane i pleie-omsorg er lyst ut, jf. vanleg utlysingsprosedyre med involvering av tillitsvalde.

Uttale frå eldrerådet:

Eldrerådet bed administrasjonen snarast inviterer til eit ope orienteringsmøte om status og pågåande omorganisering innan helse- og omsorgstenestene. Dette pga. stor frustrasjon blant brukarane og tilsette.



Norddal kommune

Møteprotokoll

| | |
|------------------|--|
| Utval: | Råd for likestilling av funksjonshemma |
| Møtestad: | Rådhuset |
| Dato: | 04.06.2015 |
| Tid: | Kl. 13:00-15:10 |

Medlemmer:

Ivar Normann Heggen
Johan Overå
Lillian Almstad
Svein Vidar Normann, leiar

Andre:

Rådmann Tor Helge Stavdal deltok først i møtet
Dagleg leiar i Norddal eigedomsselskap KF - møtte i orienteringssak om bygg for kultur og idrett.
Bente Klakken Osvik møtte som sekretær

Svein Vidar Normann
leiar

Bente Klakken Osvik
sekretær

Saksliste

| Sak nr. | Sakstittel |
|---------|---|
| 011/15 | Godkjenning av møtebok |
| 012/15 | Referatsaker |
| 013/15 | Brukarutval for pleie og omsorg - presisering av vedtak |
| 014/15 | Synfaring |
| 015/15 | Møteplan 2. halvår - Råd for likestilling av funksjonshemma |

Ingen hadde merknader til innkallinga.

Leiaren ba om å få ta opp ei ekstra sak: 015/15 Møteplan 2. halvår 2015 – Råd for likestilling av funksjonshemma – elles hadde ingen merknader til saklista.

Orienteringssaker:

1. Orientering om bygg for idrett og kultur:
Dagleg leiar i Norddal eigedomsselskap KF Asbjørn Eide møtte og orienterte og planteikningar vart delt ut til medlemmene.
2. Nedskjeringar i psykiatritenesta – rådmannen orienterte
3. Reduksjon i stilling for avd. for funksjonshemma – rådmannen orienterte

Uttale frå rådet i orienteringssakene 2 og 3:

Råd for likestilling av funksjonshemma ber administrasjonen snarast invitere til eit ope møte om status og pågåande omorganisering innan helse- og omsorgstenestene. Dette grunna stor frustrasjon blant brukarar og tilsette. Rådet viser til vedtak i k.sak 04/15 og k.sak 05/15 i møte 12.02.2015.



Norddal kommune

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Rådhuset
Dato: 12.02.2015
Tid: 14:15 – 18:35

Medlemmer:

Ap - Bjørn Inge Ruset (ordfører)
 Sp - Per Magnus Berdal (varaordfører)
 Ap - Tor Jonny Håseth
 Ap - Kjell Arne Valdal
 Ap - Per Jomar Nerli
 Ap - Kenneth Torvik
 Frp - Idar Rønneberg
 NI - Audun Skjervøy
 NI - Merete Løvoll Rønneberg
 NI - Jon Kåre Løvoll
 NI - Linda Gjerde Myren
 NI - Bjørn Helge Rønneberg
 NI - Per-André Rønneberg
 Sp - Kristin Gilje Sandnes
 Sp - Ragnar Lødøen
 TI - Oddbjørn Lianes
 TI - Viktor Valdal
 TI - Heidi Toreli Sylte
 TI - Svein Linge

Forfall:

Ap – Tanja Mathiesen
 NI - Hilde Ljøen Melchior

Varamedlemmer:

Ap – Wenche Silden
 NI - Norunn Kaldhussæter
 Ap - Kjell Hoel møtte i sakene 07/15 og 08/15

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Tor Helge Stավdal
 Dagrún Lilleås Arctander som sekretær

Bjørn Inge Ruset, Ap
 ordfører

Oddbjørn Lianes, TI

Kristin Gilje Sandnes, Sp

Dagrún Lilleås Arctander
 sekretær

KS-003/15 Vedtak i Kommunestyret 12.02.2015:

1. Handlingsplan for arbeidet med kommunereform i Norddal kommune av 19.01.15 vert vedtatt med dei endringane som vart vedtatt i formannskapsmøtet 26.01.15.
2. Planen skal vere eit levande dokument og oppdaterast med jamne mellomrom
3. Kommunestyret meiner at ein i denne omgang må greie ut nærmare følgjande modellar for ny kommunestruktur
 - a. At Norddal held fram som eiga kommune
 - b. At Norddal går inn som ein del av ei storkommune på Nordre Sunnmøre, jamfør initiativ frå Ålesund og Haram
 - c. At Norddal kommune går inn i ein felles kommune med Stranda, Stryn, Hornindal og ev. Sykkylven og Stordal
 - d. At Norddal kommune vert delt, og sørsida går mot Stranda/Stryn (og ev. Sykkylven), og nordsida går mot Ålesundsregionen
 - e. At Norddal kommune går inn i felles kommune med Skodje, Ørskog og Stordal.

Norrdal kommune vil undervegs vere opne for å sjå på andre alternativ. Her må ein ha tett dialog med nabokommunane for å synkronisere arbeidet med dei, og sjå på kva alternativ som kan vere realistiske å få greidd ut.

4. Kommunestyret ber ordførar og rådmann om å ta kontakt med dei nemnde kommunane for å komme i gang med utgreiingsarbeidet.

004/15: Vurdering av drift institusjon - realitetsbehandling

Rådmannen si innstilling:

1. Tal korttidsplasser blir redusert frå 6 til 4 som strakstiltak.
2. Tal sjukeheimplassar på somatisk avdelinga blir redusert frå 20 til 16.
3. Tal plasser på demensavdelinga blir redusert frå 8 til 6.
4. Omfang av administrasjon, kjøkenet og reinhald blir vurdert så snart som råd.

Handsaming:

Leiaren kom med slikt forslag til uttale:

1.

Eldrerådet stiller eit stort spørsmål ved at det kan sparast inn 2,5 mill. på årets budsjett for sjukeheimen, når konsekvensen blir like mange institusjonsplassar i 2015 som 2014. Det vert foreslått ein reduksjon på 4 plassar på sjukeheimen, samstundes som den skal aukast med 4 plassar – det blir 20 plassar som i dag. «Lof tet» har hatt 6 plassar lenge. Når vi veit at personalutgiftene utgjer mesteparten av kostnadane, kan ikkje rådet sjå anna enn at forslaget vil medføre personalkonsekvensar for institusjonsomsorgen.

2.

I sakspapira kjem det fram at Norddal kommune vil, med utbygging av lågare omsorgstilbud, kunne gi eit godt nok tilbod med 26 institusjonsplassar. Det kjem ikkje konkret fram kva det her vert tenkt på, og kva det vil koste.

3.

Eldrerådet savnar fortsatt ein heilhetleg omsorgsplan som beskriv kva det konkret skal leggjast vekt på innafor det einskilde trinn i omsorgstrappa. Ein slik plan må òg sjåast i samanheng med ein helseplan for kommunen.

4.

Eldrerådet meiner at det innafor institusjonstenesta har foregått ei underbudsjettering, som igjen har ført til betydelig overforbruk - ut fra rekneskapen for tjenesteområdet dei siste åra..

5.

Eldrerådet vil igjen minne politikarane om « Forskrift om en verdig eldreomsorg», som er forpliktande for kommunen – både for den bestemmande og utøvande myndigheit.

6.

Kommunen sin lovfesta plikt til å ivareta innbyggjarane sine behov for omsorg – kapasitet, kvalitet, nødvendig faglig arbeidskraft, språkkunnskap etc. - stiller krav om rett prioritering innafor kommunen si totale budsjettamme.

7.

Eldrerådet rår politikarane til å utsette saka da det ikkje er komt svar på brev av 05.10.2014 og 06.11.2014 - spørsmål som har stor relevans til saka. Rådet purra også på svar i brev av 11.01.2015 til rådmannen. Vi minner også politikarane om vår uttale i sak EL 27/14 den 18.11.14.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med leiaren sitt forslag.

EL-003/15 Uttale i Eldrerådet 20.01.2015:

1.

Eldrerådet stiller eit stort spørsmål ved at det kan sparast inn 2,5 mill. på årets budsjett for sjukeheimen, når konsekvensen blir like mange institusjonsplassar i 2015 som 2014. Det vert foreslått ein reduksjon på 4 plassar på sjukeheimen, samstundes som den skal aukast med 4 plasser – det blir 20 plassar som i dag. «Lof tet» har hatt 6 plassar lenge. Når vi veit at personalutgiftene utgjer mesteparten av kostnadane, kan ikkje rådet sjå anna enn at forslaget vil medføre personalkonsekvensar for institusjonsomsorgen.

2.

I sakspapira kjem det fram at Norddal kommune vil, med utbygging av lågare omsorgstilbud, kunne gi eit godt nok tilbod med 26 institusjonsplassar. Det kjem ikkje konkret fram kva det her vert tenkt på, og kva det vil koste.

3.

Eldrerådet savnar fortsatt ein heilhetleg omsorgsplan som beskriv kva det konkret skal leggjast vekt på innafor det einskilde trinn i omsorgstrappa. Ein slik plan må òg sjåast i samanheng med ein helseplan for kommunen.

4.

Eldrerådet meiner at det innafor institusjonstenesta har foregått ei underbudsjettering, som igjen har ført til betydelig overforbruk - ut fra rekneskapen for tjenesteområdet dei siste åra..

5. Eldrerådet vil igjen minne politikarane om « Forskrift om en verdig eldreomsorg», som er forpliktande for kommunen – både for den bestemmande og utøvande myndigheit.
6. Kommunen sin lovfesta plikt til å ivareta innbyggjarane sine behov for omsorg – kapasitet, kvalitet, nødvendig faglig arbeidskraft, språkkunnskap etc. - stiller krav om rett prioritering innafor kommunen si totale budsjettamme.
7. Eldrerådet rår politikarane til å utsette saka da det ikkje er komt svar på brev av 05.10.2014 og 06.11.2014 - spørsmål som har stor relevans til saka. Rådet purra også på svar i brev av 11.01.2015 til rådmannen. Vi minner også politikarane om vår uttale i sak EL 27/14 den 18.11.14.

Handsaming:

Leiaren kom med slikt forslag til uttale:

1. Råd for likestilling av funksjonshemma støtter uttalen til eldrerådet i EL-sak 03/15 til same sak.
2. Rådet stiller spørsmål ved om 6 plassar til personar med demens (kognitiv funksjonshemming) på «Lofet» er nok. Dette ut frå signal frå sentralt hald om auke i tal på personar med demens i åra framover.
3. Rådet har hørt at kvaliteten på tilbodet på «Lofet» har blitt dårlegare etter at personalstaben blei redusert. Bebuarane er meir overlatt til seg sjølve som følgje av at det til tider må vere 2 personar til stades om same arbeidet. Dette fører til meir uro og utrygghet, og då igjen dårlegare livskvalitet for den einskilde. Det beste for alle hadde vore at personalstaben blei som før. Personalet fikk då betre tid til å ta seg av den einskilde.
4. Det kjem ikkje fram i sakspapira at saka har vore oppe i brukarutvalet for sjukeheimen og «Lofet». Brukarutval vart vedtatt i formannskapet i sak FS-82/14 den 30.06.2014. Det kjem heller ikkje fram i sakspapira om saka er forelagt Pårørarende- og brukarforeininga til uttale. Rådet meiner at kommunen har plikt til å sørgje for at representantar for og/eller brukarane blir høyrde ved utforming av kommunen si samla helse- og omsorgsteneste. Jamfør §3-10 første ledd «Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m») Rådet meiner kommunen bryter lova på dette punktet.
5. Råd for likestilling av funksjonshemma ber difor om at saka blir utsett, og at brukarane og/eller deira representantar blir spurde og høyrde før saka skal opp i formannskapet og kommunestyret.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med leiaren sitt forslag.

FUNK-003/15 Uttale i Råd for likestilling av funksjonshemma 23.01.2015:

1. Råd for likestilling av funksjonshemma støtter uttalen til eldrerådet i EL-sak 03/15 til same sak.
2. Rådet stiller spørsmål ved om 6 plassar til personar med demens (kognitiv funksjonshemming) på «Lofet» er nok. Dette ut frå signal frå sentralt hald om auke i tal på personar med demens i åra framover.
3. Rådet har hørt at kvaliteten på tilbodet på «Lofet» har blitt dårlegare etter at personalstaben blei redusert. Bebuarane er meir overlatt til seg sjølve som følgje av at

det til tider må vere 2 personar til stades om same arbeidet. Dette fører til meir uro og utryggheit, og då igjen dårlegare livskvalitet for den einskilde. Det beste for alle hadde vore at personalstaben blei som før. Personalet fikk då betre tid til å ta seg av den einskilde.

4. Det kjem ikkje fram i sakspapira at saka har vore oppe i brukarutvalet for sjukeheimen og «Lofset». Brukarutval vart vedtatt i formannskapet i sak FS-82/14 den 30.06.2014. Det kjem heller ikkje fram i sakspapira om saka er forelagt Pårørarende- og brukarforeininga til uttale. Rådet meiner at kommunen har plikt til å sørgje for at representantar for og/eller brukarane blir høyrde ved utforming av kommunen si samla helse- og omsorgsteneste. Jamfør §3-10 første ledd «Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.» Rådet meiner kommunen bryter lova på dette punktet.
5. Råd for likestilling av funksjonshemma ber difor om at saka blir utsett, og at brukarane og/eller deira representantar blir spurde og høyrde før saka skal opp i formannskapet og kommunestyret.

Handsaming:

Audun Skjervøy, NI, fremma forslag om 2 tilleggspunkt:

5.

Formannskapet understrekar at det er viktig med informasjon til og deltaking frå tilsette, brukarar og pårørande.

6.

Formannskapet ønskjer jamlege tilbakemeldingar om omstillingsprosessen.

Det vart først røysta over innstillinga:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

Det vart røysta over Audun Skjervøy, NI, sine tilleggspunkt samla:

Samrøystes i samsvar med forslaget.

FS-004/15 Innstilling i Formannskapet 26.01.2015:

1. Tal korttidsplasser blir redusert frå 6 til 4 som strakstiltak.
2. Tal sjukeheimplassar på somatisk avdelinga blir redusert frå 20 til 16.
3. Tal plasser på demensavdelinga blir redusert frå 8 til 6.
4. Omfang av administrasjon, kjøkenet og reinhald blir vurdert så snart som råd.
5. Formannskapet understrekar at det er viktig med informasjon til og deltaking frå tilsette, brukarar og pårørande.
6. Formannskapet ønskjer jamlege tilbakemeldingar om omstillingsprosessen.

Handsaming:

Forslag frå Merete Løvoll Rønneberg, NI:

1. Kommunestyret meiner at det må gjennomførast konkrete tiltak for å leggje om drifta innafør pleie og omsorg for å redusere kostnadene. Kommunestyret understrekar samstundes at det ynskjer eit forsvarleg, godt og verdig tenestetilbod til brukarane.
2. Kommunestyret ser at det kan vere aktuelt å redusere talet på korttidsplassar, sjukeheimplassar og plassar på demensavdelinga, men meiner andre tiltak må gjennomførast/prøvast før det blir sett i verk slike tiltak:

- Det må på plass eit dagsenter med tilbod til både demente og andre med behov. Omfanget og organiseringa av dette må administrasjonen greie ut nærmare.
 - Det må gjennomførast ei omstrukturering m.o.t. bemanning, slik at personalet i mykje større grad vert brukt fleksibelt og etter behov mellom dei ulike einingane i PLO
 - Det skal tilsettast sjukevikar(ar) tilsvarande minimum 100 prosent stilling på sjukeavdelinga for å unngå bruk av vikarar/overtid.
3. Kommunestyret meiner at dei tilsette må involverast og takast med på råd og i planlegginga av omstruktureringa frå fyrste stund. Arbeidet må forankrast i heile organisasjonen, og kommunestyret forventar at både leiinga og dei tilsette bidreg konstruktivt.
 4. Før talet på korttidsplassar, sjukeheimsplassar og plassar på demensavdelinga blir redusert, må det liggje føre konsekvensutgreiingar med oversikt over både noverande ressursbruk og brukartilbod, og tilsvarande for den planlagde situasjonen. Realismen i innsparingane må synleggjerast.
 5. Omfanget av kjøkken, administrasjon og reinhald må vurderast saman med dei andre tiltaka.
 6. Kommunestyret ber om at det vert orientert om framdrifta i denne saka på kvart formannskapsmøte.
 7. Kommunestyret strekar under at administrasjonen må syte for god informasjon til brukarar, pårørande og tilsette, og at brukarutval og tillitsvalde vert tett involverte i omstillingsarbeidet.

Forslag frå Linda Gjerde Myren, NI:

1.

Endring av Audun Skjervøy sitt forslag i formannskapet, kulepunkt 6:

Det skal rapporterast om omstillingsprosessen i kvart formannskapsmøte utifrå ei framlagt prosjektplan.

2.

Oversendingsforslag:

Norddal kommune er ei IA-bedrift. Kommunestyret ber om ei orientering om korleis dette blir gjennomført i dei forskjellige sektorene.

Det vart røysta alternativt mellom forslaget frå Merete Løvoll Rønneberg og innstillinga:

8 røysta for forslaget til Merete Løvoll Rønneberg, NI, som fall

13 røysta for innstillinga

Det vart røysta alternativt for Linda Gjerde Myren, NI, sitt forslag mot innstillinga pkt 6:

0 røysta for innstillinga

21 røysta for forslaget

Det vart røysta over oversendingsforslaget:

Samrøystes i samsvar med forslaget frå Linda Gjerde Myren

KS-004/15 Vedtak i Kommunestyret 12.02.2015:

1. Tal korttidsplasser blir redusert frå 6 til 4 som strakstiltak.

2. Tal sjukeheimplasser på somatisk avdelinga blir redusert frå 20 til 16.
3. Tal plasser på demensavdelinga blir redusert frå 8 til 6.
4. Omfang av administrasjon, kjøkenet og reinhald blir vurdert så snart som råd.
5. Formannskapet understrekar at det er viktig med informasjon til og deltaking frå tilsette, brukarar og pårørande.
6. Det skal rapporterast om omstillingsprosessen i kvart formannskapsmøte utifrå ein framlagt driftsplan.

Jon Kåre Løvoll, NI, fekk permisjon frå resten av møtet (kl 17.00) – no 20 representantar.

005/15: Vurdering driftsnivå heimetenester - realitetsbehandling

Rådmannen si innstilling:

1. Tal døgnbemanna omsorgsbustader ved Valldal omsorgsbustader blir redusert til 6.
2. Eidsdal omsorgsbustad blir avvikla som døgnbemanna omsorgsbustad.
3. Tal omsorgsbustader i Eidsdal blir redusert frå 12 til 10.
4. Dagens ringesystem ved omsorgsbustadene blir lagt ned.
5. Brannvarsling blir kopla opp mot sentral brannvarsling.
6. Ny plan for personalbehov blir vurdert så snart som råd.

Handsaming:

Leiaren kom med slikt forslag til uttale:

1.

Eidsdal omsorgsbustader vert oppretthalde som i dag, med base for heimetenestene som tilleggsfunksjon.

2.

Eldrerådet meiner at romma som i dag er korttidsplassar ved Valldal omsorgsbustader ikkje eignar seg som omsorgsbustader ut frå dagens standard. Før dei kan leggje ned Valldal omsorgsbustader må kommunen skaffe tilveie alternative nye omsorgsbustadar.

3.

Rådet meiner det er mykje som må på plass før ein kan utvide heimetenestetilbudet - velferdsteknologi, opplæring i bruk av teknologien, dagtilbud, kommunal transporteneste til dagtilbud, vaktmesterteneste, utvida kommunal ergoterapi- og fysiterapiteneste, førebyggjande teneste, kompetanseoppbygging der ein går fra passiv pleie til aktiv medverknad etc.

4.

Eldrerådet meiner at det innafor heimetenestene har foregått ei underbudsjettering, som igjen har ført til betydelig overforbruk - ut fra rekneskapen for tjenesteområdet dei siste åra..

5.

Eldrerådet rår politikarane til å utsette saka då det ikkje er komt svar på brev av 05.10.2014 og 06.11.2014 - spørsmål som har stor relevans til saka. Rådet purra også på svar i brev av 11.01.2015 til rådmannen. Vi minner også politikarane om vår uttale i sak EL 27/14 den 18.11.14.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med leiaren sitt forslag.

EL-004/15 Uttale i Eldrerådet 20.01.2015:

1.
Eidsdal omsorgsbustader vert oppretthalde som i dag, med base for heimetenestene som tilleggsfunksjon.
2.
Eldrerådet meiner at romma som i dag er korttidsplassar ved Valldal omsorgsbustader ikkje eignar seg som omsorgsbustader ut frå dagens standard. Før dei kan leggje ned Valldal omsorgsbustader må kommunen skaffe tilveie alternative nye omsorgsbustadar.
3.
Rådet meiner det er mykje som må på plass før ein kan utvide heimetenestetilbudet - velferdsteknologi, opplæring i bruk av teknologien, dagtilbud, kommunal transporteneste til dagtilbud, vaktmesterteneste, utvida kommunal ergoterapi- og fysiterapiteneste, førebyggjande teneste, kompetanseoppbygging der ein går fra passiv pleie til aktiv medverknad etc.
4.
Eldrerådet meiner at det innafor heimetenestene har foregått ei underbudsjettering, som igjen har ført til betydelig overforbruk - ut fra rekneskapen for tjenestområdet dei siste åra..
5.
Eldrerådet rår politikarane til å utsette saka då det ikkje er komt svar på brev av 05.10.2014 og 06.11.2014 - spørsmål som har stor relevans til saka. Rådet purra også på svar i brev av 11.01.2015 til rådmannen. Vi minner også politikarane om vår uttale i sak EL 27/14 den 18.11.14.

Handsaming:

Leiaren kom med slikt forslag til uttale:

1. Råd for likestilling av funksjonshemma ber om fagleg styrking av tenestetilbodet til personar med nedsett funksjonsevne med etter- og vidareutdanning.
2. Rådet ser i vedtatt budsjett for 2015 for at ansvar: 3416 «Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne» er skåre ned med ca. kr. 300.000,-. Rådet frykter dette vil gå ut over tilbodet til brukarane som får dekt sitt omsorgsbehov over denne budsjettposten. Rådet vil minne politikarane på at fylkesmannen på slutten av fjordåret uttalte at kommunen må vurdere behovet hos dei som mottar omsorgstenester, og at ein ikkje kan kutte i tenestene av reine ressursmessige grunnar.
3. Det kjem ikkje fram i sakspapira at saka har blitt lagt fram for Pårørande- og brukarforeininga, Norsk forbund for utviklingshemma, Norsk handicapforbund eller andre interesseorganisasjonar til uttale, Rådet meiner kommunen har ein plikt til å sørgje for at representantar for og/eller brukarane sjølv blir høyrde ved utforming av kommune si samla helse- og omsorgsteneste. Jamfør §3-10 første ledd «Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m») Rådet meiner kommunen bryter lova på dette punktet.

4. Rådet har ikkje fått svar på brev av 05.10.2014 og 06.11.2014 – spørsmål som har stor relevans i saka. Rådet purra også på svar i brev av 11.01.2015 til rådmannen. Vi monner også politikarane om vår uttale i sak FUNK-27/14 den 20.11.14.
5. På grunnlag av pkt. ³4 ber råd for likestilling av funksjonshemma om at saka blir utsett, og at brukarane og/eller deira representantar blir spurde og høyrde før saka skal opp i formannskapet og kommunestyret. Rådet meiner også at saka bør utsettast på grunnlag av pkt. 4 – manglande svar på brev.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med leiaren sitt forslag.

FUNK-004/15 Uttale i Råd for likestilling av funksjonshemma 23.01.2015:

1. Råd for likestilling av funksjonshemma ber om fagleg styrking av tenestetilbodet til personar med nedsett funksjonsevne med etter- og vidareutdanning.
2. Rådet ser i vedtatt budsjett for 2015 for at ansvar: 3416 «Tiltak for personar med nedsett funksjonsevne» er skåre ned med ca. kr. 300.000,-. Rådet frykter dette vil gå ut over tilbodet til brukarane som får dekt sitt omsorgsbehov over denne budsjettposten. Rådet vil minne politikarane på at fylkesmannen på slutten av fjordåret uttalte at kommunen må vurdere behovet hos dei som mottar omsorgstenester, og at ein ikkje kan kutte i tenestene av reine ressursmessige grunnar.
3. Det kjem ikkje fram i sakspapira at saka har blitt lagt fram for Pårørande- og brukarforeininga, Norsk forbund for utviklingshemma, Norsk handicapforbund eller andre interesseorganisasjonar til uttale, Rådet meiner kommunen har ein plikt til å sørgje for at representantar for og/eller brukarane sjølve blir høyrde ved utforming av kommune si samla helse- og omsorgsteneste. Jmfør §3-10 første ledd «Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m» Rådet meiner kommunen bryter lova på dette punktet.
4. Rådet har ikkje fått svar på brev av 05.10.2014 og 06.11.2014 – spørsmål som har stor relevans i saka. Rådet purra også på svar i brev av 11.01.2015 til rådmannen. Vi monner også politikarane om vår uttale i sak FUNK-27/14 den 20.11.14.
5. På grunnlag av pkt. ³4 ber råd for likestilling av funksjonshemma om at saka blir utsett, og at brukarane og/eller deira representantar blir spurde og høyrde før saka skal opp i formannskapet og kommunestyret. Rådet meiner også at saka bør utsettast på grunnlag av pkt. 4 – manglande svar på brev.

Handsaming:

Audun Skjervøy, NI, fremma forslag om 2 tilleggspunkt:

7.

Formannskapet understrekar at det er viktig med informasjon til og deltaking frå tilsette, brukarar og pårørande.

8.

Formannskapet ønskjer jamlege tilbakemeldingar om omstillingsprosessen.

Merete Løvoll Rønneberg, NI, kom med forslag om at pkt. 3 skal lyde slik:
Tal omsorgsbustader i Eidsdal blir redusert frå 12 til 10 dersom ein ikkje finn andre tenlege løysingar på å stette krav til garderobe.

Det vart først røysta over innstillinga:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

Det vart røysta over tilleggforslaget i pkt. 3 frå Merete Løvoll Rønneberg, NI:

Samrøystes i samsvar med forslaget.

Det vart røysta over Audun Skjervøy, NI, sine tilleggspunkt samla:

Samrøystes i samsvar med forslaga.

FS-005/15 Innstilling i Formannskapet 26.01.2015:

1. Tal døgnbemanna omsorgsbustader ved Valldal omsorgsbustader blir redusert til 6.
2. Eidsdal omsorgsbustad blir avvikla som døgnbemanna omsorgsbustad.
3. Tal omsorgsbustader i Eidsdal blir redusert frå 12 til 10 dersom ein ikkje finn andre tenlege løysingar på å stette krav til garderobe.
4. Dagens ringesystem ved omsorgsbustadene blir lagt ned.
5. Brannvarsling blir kopla opp mot sentral brannvarsling.
6. Ny plan for personalbehov blir vurdert så snart som råd.
7. Formannskapet understrekar at det er viktig med informasjon til og deltaking frå tilsette, brukarar og pårørande.
8. Formannskapet ønskjer jamlege tilbakemeldingar om omstillingsprosessen.

Handsaming:

Forslag frå Merete Løvoll Rønneberg, NI:

1. Kommunestyret meiner at det må gjennomførast konkrete tiltak for å leggje om drifta innafør pleie og omsorg for å redusere kostnadene. Kommunestyret understrekar samstundes at det ynskjer eit forsvarleg, godt og verdig tenestetilbod til brukarane.
2. Kommunestyret ser at det kan vere aktuelt å redusere talet på døgnbemanna omsorgsbustader i Valldal og Eidsdal, men meiner andre tiltak må prøvast/gjennomførast før det blir sett i verk slike tiltak:
 - Det må gjennomførast ei omstrukturering m.o.t. bemanning, slik at personalet i mykje større grad vert brukt fleksibelt og etter behov mellom dei ulike einingane i PLO
 - Før ein reduserer talet på døgnbemanna omsorgsboligar, eller avviklar tenesta heilt (Eidsdal), må det setjast opp ein bemanningsplan som viser korleis ein kan redusere personalbruken ved ei slik omlegging. I dette arbeidet må ein gjere ei realistisk konsekvensanalyse m.o.t. tenestebehovet til dei eldre i kommunen, belastinga på dei pårørande og ressursbruken dersom omlegginga fører med seg auka behov for heimetenester/heimesjukepleie.
 - Dagens ringesystem må vurderast saman med dei tilsette før ein gjer endringar.
3. Kommunestyret meiner at dei tilsette må involverast og takast med på råd og i planlegginga av omstruktureringa frå fyrste stund. Arbeidet må forankrast i heile

organisasjonen, og kommunestyret forventar at både leinga og dei tilsette bidreg konstruktivt.

4. Det er eit mål at talet på omsorgsbustadar i Eidsdal skal oppretthaldast. Personalgarderober bør så langt mogleg etablerast ved å bruke anna areal i huset.
5. Før ein legg om systemet med brannvarslinga, må det gjerast ei total vurdering av kostnader og konsekvensar i samråd med brannsjefen.
6. Kommunestyret ber om at det vert orientert om framdrifta i denne saka på kvart formannskapsmøte.
7. Kommunestyret strekar under at administrasjonen må syte for god informasjon til brukarar, pårørande og tilsette, og at brukarutval og tillitsvalde vert tett involverte i omstillingsarbeidet.

Forslag frå Per Jomar Nerli, Ap, til slik endring i pkt 3 i innstillinga:

Tal omsorgsbustader i Eidsdal blir ikkje redusert.

Dette rokker ikkje ved den vurderinga av personalbehov som rådmannen skal gjere, jmf pkt 6 i formannskapet si innstilling.

Forslag frå Per Jomar Nerli, Ap, til slikt nytt pkt 9:

9. Rådmannen forserar planlegginga av nye omsorgsbustader i Valldal.

Det vart røysta alternativt mellom forslaget frå Merete Løvoll Rønneberg, NI, og innstillinga:

7 røysta for forslaget frå Merete Løvoll Rønneberg, NI, som fall
13 røysta for innstillinga

Det vart så røysta alternativt over innstillinga og forslaget frå Per Jomar Nerli, Ap til endring i pkt 3:

0 røysta for innstillinga
20 røysta for forslaget

Det vart røysta over Per Jomar Nerli, Ap, sitt forslag til eit nytt pkt 9:

Samrøystes i samsvar med forslaget.

KS-005/15 Vedtak i Kommunestyret 12.02.2015:

1. Tal døgnbemanna omsorgsbustader ved Valldal omsorgsbustader blir redusert til 6.
2. Eidsdal omsorgsbustad blir avvikla som døgnbemanna omsorgsbustad.
3. Tal omsorgsbustader i Eidsdal blir ikkje redusert. Dette rokker ikkje ved den vurderinga av personalbehov som rådmannen skal gjere, jmf pkt 6 i formannskapet si innstilling.
4. Dagens ringesystem ved omsorgsbustadene blir lagt ned
5. Brannvarsling blir kopla opp mot sentral brannvarsling.
6. Ny plan for personalbehov blir vurdert så snart som råd.
7. Formannskapet understrekar at det er viktig med informasjon til og deltaking frå tilsette, brukarar og pårørande.
8. Formannskapet ønskjer jamlege tilbakemeldingar om omstillingsprosessen.
9. Rådmannen forserar planlegginga av nye omsorgsbustader i Valldal.

Norrdal Eldreråd
Råd for likestilling av funksjonshemma i Norrdal kommune
Postboks 144
6211 Valldal

16.11.2015.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
Postboks 2500
6404 Molde

FORVALTNINGSMESSIG OG LOVMESSIG VURDERING AV ARBEIDET I NORDDAL ELDRERÅD OG RÅD FOR LIKESTILLING AV FUNKSJONSHEMMA I NORDDAL KOMMUNE.

Rådene ønsker ei forvaltningsmessig og lovmessig vurdering av arbeidet i rådene sett i lys av lovene for rådene, forskriftene, forarbeidet til lovene og mandatene til rådene gitt av Norrdal kommunestyre.

Hvordan skal en f.eks. tolke siste avsnitt i avsluttende tilbakemelding fra rådmannen.

Rådene viser til vedlagte brev:

1. Møtereferat av 16.04.2015.
2. Rådenes svar til møtereferatet av 18.06.2015.
3. Avsluttende tilbakemelding fra rådmannen av 24.06.2015.
4. Vedlegg til strek-punkt nr. 5, nr. 6, nr. 7 og nr. 8. i avsluttende tilbakemelding fra rådmannen.

På forhånd takk!

Med vennlig hilsen for
Norrdal Eldreråd
Råd for likestilling av funksjonshemma i Norrdal kommune

Svein Vidar Normann

Svein Vidar Normann

leiar (begge rådene)

Kopi: Pensjonistforbundet i Møre og Romsdal, Myrabakken 2, 6413 Molde
NFU Møre og Romsdal fylkeslag, Postboks 4017 Moa, 6048 Ålesund
Norges Handikapforbund Nord Vest, Fabrikkveien 13, 6415 Molde
Eldrerådet i Møre og Romsdal, Fylkeshuset Postboks 2500, 6404 Molde
Rådet for likestilling for funksjonshemma i Møre og Romsdal, Fylkeshuset Postboks 2500,
6404 Molde
Fjørå og Valldal Pensjonistlag
Kveldsol Pensjonistforening
Norsk Forbund for utviklingshemma (NFU) Norrdal lokallag



«TbkAvsmot»Mottakere:

Referat

Møtereferat - arbeid- og ansvarsområde for Eldreråd og Råd for likestilling av funksjonshemma

| | | | |
|------------------|--|------------------|---|
| Stad | Kommunestyresalen | Dato | 16. april 2015. |
| Referent | Tor Helge Stavdal | Tidspunkt | Kl. 1300 – 1400. |
| Frammøtte | Bjørn Inge Ruset (ordfører) Tor Helge Stavdal (rådmann) Svein Vidar Normann (leiar) Johan Overå (Råd likest. funksjonshemma) | Frammøtte | Ivar Normann Heggen (Råd likest. funksjonshemma) Dagny Lovise Eide (Eldrerådet) Harald Storås (Eldrerådet) Ellinor Ruset (Eldrerådet) |

Bakgrunn:

Eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma har begge viktige og lovpålagde oppgåver. Begge utvala er rådgjevande organ for kommunestyret og skal uttale seg i aktuelle saker slik at ein sikra brei medverknad i saker som er særleg viktige for gruppene utvala representerer. Utvala har ikkje høve til å gjere vedtak, men kan vedta ein uttale eller ei tilråding.

I Norddal kommune har det utvikla seg ein praksis der Eldrerådet og Rådet for likestilling av funksjonshemma har tatt på seg oppgåver og ønskjer å pålegge andre oppgåver på ein måte som ligg utanfor deira sitt mandat. Dette har medført svært mange spørsmål og bestillingar av til dels omfattande utgreiingar til administrasjonen som i sum er umogeleg å gi gode svar på. Det er også fleire dømer på at saker stadig vert tatt opp att av utvala då ein ikkje var vore nøgde med dei svara ein har fått. Det er gjort «vedtak» i utvala der ein ber om svar og utgreiingar retta direkte til namngitte tilsette.

Denne praksisen er svært ulik det som er i andre kommunar, og slik føringane i lovverk og retningslinjer for utvala sitt arbeid er. Som ein følge av dette er det rådmannen si oppfatning at det gradvis har blitt større avstand mellom utvala sine forventingar i høve til kva ein realistisk kan forvente av svar og utgreiingar.

I det lengste har administrasjonen freista å gi utvala det dei vil ha. Rådmannen påpeika at ein er no er komen til eit punkt der ein må orientere seg attende til utgangspunktet og det mandatet utvala har. Dette er viktig for at utvala kan arbeide med dei rette sakene på rett måte, samstundes som administrasjonen ikkje vert belasta i for grad. Dette er viktig for å sikre eit godt samarbeid.

Målsettinga med dette møtet er difor å få ein felles oppfatning av kva som er råda sine oppgåver og ansvarsområde, samt å avklare kva råda kan forvente av svar og utgreiingar frå kommuneadministrasjonen.

Ordføraren var med for å tydeleggjere kommunestyret sine krav og forventningar. Ordføraren slo fast at det er berre kommunestyret som kan instruere rådmannen, og at det er rådmannen som fordelar oppgåver i administrasjonen og at dette følger av Kommunelova. Han understreka også at det er viktig at utvala arbeidar på rett måte med dei rette tinga. Dette fordi utvala har viktige oppgåver og skal ein blitt tatt på alvor og bli høyrte må ein rette merksemda og energien inn i mot dei sakene ein er pålagt å arbeide med og ikkje bruke tid og krefter på saker som ligg utanfor det ansvarsområdet ein har.

Drøfting:

I møtet kom det fram ulike syn på kva som er råda sine oppgåver og ansvarsområde. Råda sine oppgåver og mandat er regulert gjennom særlover. Utvala har viktige oppgåver med å ivareta interessene for særskilte brukargrupper. I Norddal kommune er ikkje utvala tillagt andre oppgåver enn det som følger av sentrale lover og forskrifter.

Konklusjon:

- Eldrerådet og Rådet for likestilling av funksjonshemma er begge rådgjevande organ for kommunestyret.
- Utvala skal uttale i aktuelle saker slik at ein er sikra brei medverknad i saker som er særleg viktige for gruppene ein representerer. (td. budsjett og plansaker).
- Utvala skal ikkje gjere egne vedtak, men vedta uttalar og tilrådingar.
- Utvala kan på eige initiativ ta opp saker, dersom det er naudsynt i høve til handsaming av saker til kommunestyret.
- Det er berre kommunestyret som kan instruere rådmannen.
- Rådmannen er ansvarleg for kommuneadministrasjonen.
- Råda har ikkje fullmakt til å pålegge kommuneadministrasjonen oppgåver.
- Utvala er ikkje tillagt oppgåver som ligg til brukarutval eller kontrollutval.
- Rådmannen sørgjer for at F-sak 082/14 om brukarutval vert tatt opp til ny handsaming.

Tor Helge Stavdal
Rådmann/referent

Eldrerådet
Råd for likestilling av funksjonshemma
Rådhuset
6210 Valldal

18.06.2015

ORDFØRAR
RÅDMANN
NORDDAL KOMMUNE
RÅDHUSET
6210 VALLDAL

KOMMENTAR TIL MØTEREFERAT 16.04.2015

Møtereferat frå møtet mellom ordførar og rådmannen, og eldrerådet og rådet for likestilling av funksjonshemma den 16.04.2015 - lagt fram på møte i råda den 02. og 04. juni - kan vel knapt seiast å vere eit referat, då råda sine syn på oppgåver og ansvarsområde ikkje er teke med i referatet.

Vi kan nemne:

- Råda påpeika at ein tidleg i perioden ba om, men ikkje har fått, opplæring om kommunal forvaltning, lover, forskrifter og rundskriv som er viktige for arbeidet til råda.
- Råda påpeika manglande svar på nødvendige henvendelsar til administrasjonen i samband med saker vi har handsama, t.d. budsjett.
- Råda har lenge bedt om – muntlig og skriftlig – eit møte med politisk leing for å diskutere arbeidet i råda, men fram til dette møte ikkje fått svar.
- Råda foreslo jamne møter med administrativ og politisk leing - min. ein gong i året - for å kunne diskutere arbeidet i råda.

Dette finn vi ikkje att i referatet.

Referatet opplever vi ikkje som et referat, men meir som eit diktat.

For oss gir referatet eit uttrykk for ei negativ haldning der ein prøver å skremme/true råda til taushet.

Ein kan undrast på om administrasjonen prøver å teie oss ihel/oversjå oss ved ikkje å svare på henvendelsar.

Råda etterlyser konkrete døme på saker der vi har gått over grensene for våre mandat – gitt etter lov, rundskriv og kommunalt reglement.

Vi prøver ut frå desse retningliner å gjere vårt beste for dei vi er meint å vere talsmenn for.

Ønskjer administrasjonen ei open forvaltning eller føler ein seg pressa når råda stiller spørsmål?

Råda har fleire gonger etterlyst konkrete opplysningar innan drifta av helse-og omsorgstenestene, når dette har vore nødvendig for å kunne gi uttale og vere rådgivande i slike saker.

Vi har vel hatt ei formeining om at slik informasjon låg ferdig i system og rutinar, slik ein vanlegvis finn i andre samanhengar.

Dersom dette, og liknande, blir oppfatta som «å pålegge administrasjonen oppgåver» er vi tilfreds med å ha satt fingeren på noko som kan forbedrast.

Så vidt vi erindrar, var ei av målsettingane til politikarane at vi skulle få meir openheit i fovaltninga?

Etter det, har til og med postlista «lete att døra.»

Då må det vere lov å søke informasjon der denne skal finnast.

At råda blir oppfatta som noko meir aktive enn forventa, tar vi som ein honnør til det arbeidet vi har gjort.

Begge råda er etter vedtak i FS 082/14 den 30.06.2014 brukarutval for dei som mottar heimetenester inntil vedtaket blir endra og vi får melding om dette.

I sitt siste møte opplevde Råd for likestilling av funksjonshemma at rådmannen prøvde å stoppe ein uttale frå rådet der ein ba om eit åpent informasjonsmøte om status og pågåande omorganisering innan helse- og omsorgstenestene.

Eldrerådet fekk på sitt siste møte melding om at sak 008/15 var avvist av rådmannen.

Vi vil også ta med at det ved fleire høve har vore peika på at kommunar rundt om i landet har spart pengar på å lytte til grasrota – brukarane.

Ut frå møtoreferatet kan råda ikkje sjå at våre mandat er endra. Vi vil difor halde fram med vårt arbeid som før.

Venleg helsing

Eldrerådet:

Svein Vidar Normann, leiar

sign.

Dagny Lovise Eide, nestleiar

sign.

Harald Storås

sign.

Unn Linge Valdøl

sign.

Ellinor Ruset

sign.

Råd for likestilling av funksjonshemma:

Svein Vidar Normann, leiar

sign.

Johan Overå, nestleiar

sign.

Lillian Almstad

sign.

Ivar Normann Heggen

sign.

Vedlegg: Møtoreferat frå møte 16.04.2015

Kopi: Fylkesmannen

Fylkeseldrerådet

Fylkesrådet for likestilling av funksjonshemma

Pensjonistlaga i kommunen

NHF

NFU



Eldrerådet og Råd for likestilling av funksjonshemma

Vår ref.
14/715/FE - 151/1272/70258825

Dykkar ref.

Dato:
24.06.2015

Avsluttande tilbakemelding til eldrerådet og råd for likestilling av funksjonshemma

Det vert synt til tidlegare brev, møteprotokollar og e-postar der eldrådet og rådet for likestilling av funksjonshemma har retta fleire spørsmål til kommuneadministrasjonen for å få svar, bedt om utgreiingar og kravd å få orienteringar frå tilsette i Norddal kommune. Det vert også synt til møte 16. april 2015 der oppgåver, ansvarsområde og mandat for dei to utvala vart gjennomgått. For å få ein ryddig avslutning på dei viktigaste sakene vil eg gi ei kort skriftleg tilbakemelding i tillegg til det som det har blitt orientert om munnleg i møter.

- Budsjett og økonomiplan: råda vil få desse til uttale med same innhald som formannskap og kommunestyret.
- Dagsenter: saka er under arbeid. Vert truleg ferdig i september. Denne har tidlegare vore til uttale i råda.
- Psykiatri: stilling som psykiatrisk sjukepleier er for tida redusert til 50%. Dette kan bli gjort fast og må då handsamast politisk.
- Avd.leiar for funksjonshemma: ein tilsett fungerer i stilling no. Vert slik inntil vidare. Endringar er avhengig av korleis tilsettingsprosessen av ledige stillingar vert.
- Kvalitetssikring og internkontroll: Norddal kommune arbeider etter gjeldande lovar og regelverk. Vi har system som sikrar dette.
- Språkopplæring: språk er viktig og vert vurdert saman med øvrige kvalifikasjonar ved tilsetting. Dykkar uttale i 5 punkt, inklusive ønske om utarbeiding av ordbok med lokale ord og uttrykk, vert det ikkje arbeidd vidare med.
- Transporttenesta: Pasientreiser er Helseføretaket sitt ansvar, det vert derfor ikkje oppretta eit eige avvikssystem. Norddal kommune har likevel vore i kontakt med Pasientreiser for å peike på manglar og for å kome med forslag til forbetringar.
- Ferie og fritid: kostnader må i utgangspunktet dekkast av den einskilde brukar.

Når det gjeld det vidare samarbeidet legg eg møtereferat av 16.04.15 til grunn med hovudvekt på at utvala er rådgjevande organ for kommunestyret. For å sikre godt samarbeid framover og at utvala vert tatt med på råd vil eg legge til rette for at utvala skal få dei rette sakene til uttale, før handsaming i kommunestyret.

Med helsing

Tor Helge Stavdal
rådmann

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.



Norddal kommune

Arkiv: 033
 JournalpostID: 15/2950
 Sakshandsamar:
 Dato: 07.04.2015

Saksframlegg

Kvalitetssikring og internkontroll - pleie- og omsorgstenesta

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---------------|--|------------|
| 008/15 | Eldrerådet | 14.04.2015 |
| 007/15 | Råd for likestilling av funksjonshemma | 16.04.2015 |

Utsendte saksdokument:

Ikkje utsendte saksdokument:

Framlegg til vedtak:

Rådet ønsker dette framlagt på neste møte sammen med ei orientering.

Saksgrunnlag:

Leiaren i Eldrerådet har bede om å få saka opp i Eldrerådet og Råd for likestilling av funksjonshemma.

Saksopplysningar:

Kva for kvalitetssikringstiltak og typer internkontroll har kommunen iverksatt/planlagt med tanke på å førebygge feil innan saksbehandling og tenesteyting innan den kommunale helse- og omsorgstjenesta? Vi vil gjerne bidra med kommentarar til eksisterande tiltak og evt.planlagte. J.fr. Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester, § 3.1 3 ledd, kap. 4 og § 12.5.

Nyttar kommunen malar, sjekklister e.l. ved utarbeiding av enkeltvedtak etter helse- og omsorgstjenestelova? I så fall vil vi gjerne sjå desse. Slike system/tiltak er viktig for innbyggjarane og tjenestemottakerane sin rettssikkerheit, og for kvaliteten på kommunen si saksbehandling og tjenester.



Norddal kommune

Møteprotokoll

Utval: Råd for likestilling av funksjonshemma
Møtestad: Rådhuset
Dato: 16.04.2015
Tid: 13:00 – 15:40

Medlemmer:

Svein Vidar Normann, leiar
Johan Overå
Ivar Normann Heggen
Lillian Almstad

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Tor Helge Stavdal – *møtte på felles orienteringsmøte med Eldrerådet*
Ordfører Bjørn Inge Ruset – *møtte på felles orienteringsmøte med Eldrerådet*
Bente Klakken Osvik møtte som sekretær

Svein Vidar Normann
leiar

Bente Klakken Osvik
konsulent/sekretær

FUNK-005/15 Vedtak i Råd for likestilling av funksjonshemma 16.04.2015:
Protokoll frå førre møte vert godkjent med den merknaden som kom fram i møtet.

006/15: Referatsaker

Rådmannen si innstilling:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Handsaming:

Ref.sak 1: Råd for likestilling av funksjonshemma ber styringsgruppa møte og legge fram teikningar av bygning for idrett og kultur, slik at rådet får sjå om funksjonar for menneske med nedsett funksjonsevne vert ivaretatt.

Ref.sak 4: Råd for likestilling av funksjonshemma ber om at det som er påpeikt i rapporten frå Norges Blindforbund vedk. Norddal kommunehus vert gjennomført.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med innstillinga med dei endringane som vart gjort i referatsakene 1 og 4.

FUNK-006/15 Vedtak i Råd for likestilling av funksjonshemma 16.04.2015:

Referatsakene vert tatt til orientering med dei endringane som vart gjort i referatsakene 1 og 4.

007/15: Kvalitetssikring og internkontroll - pleie- og omsorgstenesta

Framlegg til vedtak:

Rådet ønsker dette framlagt på neste møte sammen med ei orientering.

Handsaming:

Leiaren gjorde merksam på at det var feil i saksopplysningane. Siste setning i andre avsnitt skal lyde slik:

J.fr Lov om kommunale helse- og omsorgstjenster, § 3.1 3 ledd, § 4.2 og § 12.5.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

EL-008/15 Vedtak i Eldrerådet 14.04.2015:

Rådet ønsker dette framlagt på neste møte sammen med ei orientering.

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FUNK-007/15 Vedtak i Råd for likestilling av funksjonshemma 16.04.2015:
Rådet ønsker dette framlagt på neste møte sammen med ei orientering.

008/15: Årsmelding 2014 - Råd for likestilling av funksjonshemma i Norddal

Rådmannen si innstilling:

Årsmelding 2014 for likestilling av funksjonshemma i Norddal vert godkjent.

Handsaming:

Leiaren ba om at det vart føyd til eit nytt kulepunkt under saker som ha vore behandla/ orientert om:

- Busslomme på Linge

Leiaren kom med slikt forslag til vedtak:

1. Råd for likestilling av funksjonshemma si årsmelding for 2014 vert godkjent, med den endringa som vart lagt fram i møtet.
2. Med heimel i lova for rådet § 7, oversender rådet si årsmelding for 2014 til behandling i kommunestyret,
3. Årsmeldinga vert også sendt Råd for likestilling av funksjonshemma i fylket,

Røysting:

0 røysta for innstillinga

4 røysta for leiaren sitt forslag.

FUNK-008/15 Vedtak i Råd for likestilling av funksjonshemma 16.04.2015:

1. Råd for likestilling av funksjonshemma si årsmelding for 2014 vert godkjent, med den endringa som vart lagt fram i møtet.
2. Med heimel i lova for rådet § 7, oversender rådet si årsmelding for 2014 til behandling i kommunestyret,
3. Årsmeldinga vert også sendt Råd for likestilling av funksjonshemma i fylket,

009/15: Ferie og fritid for personar som treng følge

Framlegg til vedtak:

Råd for likestilling av funksjonshemma ønskjer saka utreda og framlagt på neste den 2. juni 2015.

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.



Saksframlegg

Kvalitetssikring og internkontroll - pleie- og omsorgstenesta

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---------------|--|------------|
| | Råd for likestilling av funksjonshemma | |
| 008/15 | Eldrerådet | 14.04.2015 |

Utsendte saksdokument:

Ikkje utsendte saksdokument:

Framlegg til vedtak:

Rådet ønsker dette framlagt på neste møte sammen med ei orientering.

Saksgrunnlag:

Leiaren i Eldrerådet har bede om å få saka opp i Eldrerådet og Råd for likestilling av funksjonshemma.

Saksopplysningar:

Kva for kvalitetssikringstiltak og typer internkontroll har kommunen iverksatt/planlagt med tanke på å førebygge feil innan saksbehandling og tenesteyting innan den kommunale helse- og omsorgstjenesta? Vi vil gjerne bidra med kommentarar til eksisterande tiltak og evt.planlagte. J.fr. Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester, § 3.1 3 ledd, kap. 4 og § 12.5.

Nyttar kommunen malar, sjekklister e.l. ved utarbeiding av enkeltvedtak etter helse- og omsorgstjenestelova? I så fall vil vi gjerne sjå desse. Slike system/tiltak er viktig for innbyggjarane og tjenestemottakerane sin rettssikkerheit, og for kvaliteten på kommunen si saksbehandling og tjenester.



Norddal kommune

Møteprotokoll

Utval: Eldrerådet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 14.04.2015
Tid: 13:00 – 15:40

Medlemmer:

Svein Vidar Normann, leiar
Unn Linge Valdøl
Harald Storås
Ellinor Ruset

Forfall:

Dagny Lovise Eide

Vara:

Ingen

Frå administrasjonen møte:

Rådmann Tor Helge Stavdal – *møtte på orienteringssakene*
Bente Klakken Osvik møte som sekretær

Svein Vidar Normann
leiar

Bente Klakken Osvik
konsulent/sekretær

Handsaming:

Ref.sak 2:

Samrøystes vedtak:

Eldrerådet skriv brev til Fylkesmannen i Møre og Romsdal og gjer merksam på at rådet ikkje har høyrte noko frå Pasientreiser.

Ref.sak 4:

Samrøystes uttale:

Eldrerådet kan ikkje understreke nok kor viktig det er at politikarane tar slike signal på alvor. Denne faglege oppsummeringa bør takast med seinast ved neste budsjettrevisjon.

Ref.sak 5:

Samrøystes vedtak:

Sak E 5/15: Rådet vil forsøke å kome med uttale i saka og legge det fram som sak på neste møte.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med innstillinga med dei endring som vart gjort i referatsakene 2, 4 og 5.

EL-007/15 Vedtak i Eldrerådet 14.04.2015:

Referatsakene vert tatt til orientering med dei endringane som vart gjort i referatsakene 2, 4 og 5.

008/15: Kvalitetssikring og internkontroll - pleie- og omsorgstenesta**Framlegg til vedtak:**

Rådet ønsker dette framlagt på neste møte sammen med ei orientering.

Handsaming:

Leiaren gjorde merksam på at det var feil i saksopplysningane. Siste setning i andre avsnitt skal lyde slik:

J.fr Lov om kommunale helse- og omsorgstjenster, § 3.1 3.ledd, § 4.2 og § 12.5.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

EL-008/15 Vedtak i Eldrerådet 14.04.2015:

Rådet ønsker dette framlagt på neste møte sammen med ei orientering.

009/15: Årsmelding 2014 - Norddal eldreråd**Rådmannen si innstilling:**

Årsmelding 2014 for Norddal eldreråd vert godkjent.



Norddal kommune

Arkiv: 420
 JournalpostID: 14/9058
 Sakshandsamar: Bente Klakken
 Osvik
 Dato: 06.10.2014

Saksframlegg

Språkopplæring til tilsette i helse- og omsorgssektoren

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---------------|------------|------------|
| 022/14 | Eldrerådet | 14.10.2014 |

Utsendte saksdokument:

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|------------|--|--------|
| 06.10.2014 | Stillingsannonse - Syltebøen barnehage | 99736 |

Ikkje utsendte saksdokument:

Rådmannen si innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Saksgrunnlag:

Leiaren i eldrerådet ønskjer å få denne saka til behandling i rådet.

Saksopplysningar:

I annonse for tilkallingsvikar for Syltebøen barnehage står det at søkjarane må beherske det norske språket. Er dette ein ny praksis for kommunen? I så fall vil eldrerådet samtykkje i dette, da rådet har fått mange signal på at eldre har problem med å forstå og bli forstått av tilsette som ikkje har norsk som morsmål.

Rådet har ikkje sett slike krav i annonsar for stillingar innan helse- og omsorgssektoren.

Eldrerådet ber kommunen ta ansvar for opplæring av tilsette som ikkje har norsk som morsmål

Tor Helge Stavdal
 rådmann



Norddal kommune

Møteprotokoll

Utval: Eldrerådet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 14.10.2014
Tid: 13:00 – 15:05

Desse møtte:

Svein Vidar Normann, leiar
Dagny Lovise Eide
Unn Linge Valdal
Ellinor Ruset
Harald Storås

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Tor Helge Stavdal
Ass.rådmann Helge Svensvik i sakene 19 og 20/14
Bente Klakken Osvik møtte som sekretær

Svein Vidar Normann
leiar

Bente Klakken Osvik
konsulent/sekretær

2.

Eldrerådet ber rådmannen utarbeide eit enkelt system for innrapportering av avvik innan helse- og omsorgstenestene. Dette må offentleggjerast.

Det vart røysta punktvis:

Pkt. 1: Samrøystes i samsvar med leiaren sitt forslag.

Pkt. 2: Samrøystes i samsvar med leiaren sitt forslag.

Rådet ber om at uttalen vert sendt rådmannen, formannskapet og kommunestyret.

EL-021/14 Uttale i Eldrerådet 14.10.2014:

1.

Eldrerådet i Norddal sender bekymringsmelding til fylkeslegen for å sikre ei framtidig kvalifisert og omsorgsfull transportteneste for våre brukarar.

2.

Eldrerådet ber rådmannen utarbeide eit enkelt system for innrapportering av avvik innan helse- og omsorgstenestene. Dette må offentleggjerast.

022/14: Språkopplæring til tilsette i helse- og omsorgssektoren

Rådmannen si innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Handsaming:

Leiaren kom med slikt forslag til uttale:

1.

Eldrerådet ber om at det blir stilt krav om at søkjarar til stillingar i omsorgsavdelinga må beherske det norske språket, som annonse frå Syltebøen barnehage på kommunen si heimeside.

2.

Kommunen må sette i gong språkopplæring for tilsette i helse- og omsorgsavdelinga som ikkje beherskar norsk språk i den grad ein kan vente av tenestutøvarar.

3.

Eldrerådet ber kommunen utarbeide ei ordbok i lokale dialektuttrykk/-ord slik at kommunikasjonen mellom tenestutøvarar og tenestemottakarar kan bli best mogleg.

4.

Eldrerådet meiner det grensar til overgrep å ikkje forstå eller bli forstått av den som skal hjelpe deg.

5.

Turnusen må settast opp slik at det til ei kvar tid er ein eller fleire på arbeid som snakkar godt norsk.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med leiaren sitt forslag.

Rådet ber om at uttalen vert sendt rådmannen, verksemdsleiarane for pleie og omsorg og helseavdelinga, formannskapet og kommunestyret.

EL-022/14 Uttale i Eldrerådet 14.10.2014:

1.

Eldrerådet ber om at det blir stilt krav om at søkjarar til stillingar i omsorgsavdelinga må beherske det norske språket, som annonse frå Syltebøen barnehage på kommunen si heimeside.

2.

Kommunen må sette i gong språkopplæring for tilsette i helse- og omsorgsavdelinga som ikkje beherskar norsk språk i den grad ein kan vente av tenesteutøvar.

3.

Eldrerådet ber kommunen utarbeide ei ordbok i lokale dialektuttrykk/-ord slik at kommunikasjonen mellom tenesteutøvar og tenestemottakar kan bli best mogleg.

4.

Eldrerådet meiner det grenser til overgrep å ikkje forstå eller bli forstått av den som skal hjelpe deg.

5.

Tumusen må settast opp slik at det til ei kvar tid er ein eller fleire på arbeid som snakkar godt norsk.



Norddal kommune

Arkiv: H01
 JournalpostID: 14/9061
 Sakshandsamar: Bente Klakken
 Osvik
 Dato: 06.10.2014

Saksframlegg

Transporttenesta for pasientar i Norddal

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---------------|------------|------------|
| 021/14 | Eldrerådet | 14.10.2014 |

Utsendte saksdokument:

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|------------|--|--------|
| 10.09.2014 | Klage på pasientreiser - Sandnes | 98707 |
| 10.09.2014 | Klage på pasientreiser - Brathaug | 98706 |
| 19.09.2014 | Svar på brev angående pasienttransport i Norddal kommune | 99144 |
| 18.08.2014 | Ang. Pasienttransport i Norddal kommune | 97675 |
| 04.03.2014 | Særutskrift: Uttale vedk. nedskjeringar innan transporttenesta for helsesektoren | 89602 |

Ikkje utsendte saksdokument:

Rådmannen si innstilling:
 Saka vert lagt fram utan innstilling.

Saksgrunnlag:

Leiaren i eldrerådet ber om at saka vert lagt fram for behandling i rådet.

Saksopplysningar:

Transporttenesta for pasientar i Norddal kommune har endra seg mykje etter at Lenes Bussreiser tok over dette. Eldrerådet har fått mange henvendingar frå fortvila og engstelege brukarar, og også behandlarar som er uroa over korleis dette går ut over pasientane deira.

Eldrerådet meiner situasjonen er alvorleg, særleg for den del av innbyggjarane vi representerer.

Det vises også til uttale frå eldrerådet av 27.02.2014.

Unn Linge Valdal (medlem i eldrerådet) har samla inn grunnlagsmateriale.

Tor Helge Stavdal
 rådmann



Norddal kommune

Møteprotokoll

Utval: Eldrerådet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 14.10.2014
Tid: 13:00 – 15:05

Desse møtte:

Svein Vidar Normann, leiar
Dagny Lovise Eide
Unn Linge Valdal
Ellinor Ruset
Harald Storås

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Tor Helge Stavdal
Ass.rådmann Helge Svensvik i sakene 19 og 20/14
Bente Klakken Osvik møtte som sekretær

Svein Vidar Normann
leiar

Bente Klakken Osvik
konsulent/sekretær

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstilling med følgjande tilleggsuttale:

Eldrerådet føreset at ein slik avtale/ordning ikkje blir til ulempe for eldre personar. Det er viktig med god informasjon i god tid før ordninga vert sett i gong.

EL-019/14 Uttale i Eldrerådet 14.10.2014:

Norrdal kommune inngår avtale om at Ålesund kommune tek over legevakta i tida 22.00 – 08.00 alle dagar. Avtalen tek til å gjelde seinast 1.1. 2016.

Formannskapet får fullmakt til å godkjenne detaljane i avtalen.

Eldrerådet føreset at ein slik avtale/ordning ikkje blir til ulempe for eldre personar. Det er viktig med god informasjon i god tid før ordninga vert sett i gong.

020/14: Samhandlingsreforma - KAD-plassar.**Rådmannen si innstilling:**

Norrdal kommune inngår avtale om å kjøpe KAD-plassar frå Ålesund kommune. Avtalen tek til å gjelde 1.1. 2016.

Formannskapet får fullmakt til å godkjenne detaljane i avtalen.

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga med følgjande tilleggsuttale:

Eldrerådet føreset at ein slik avtale/ordning ikkje blir til ulempe for eldre personar. Det er viktig med god informasjon i god tid før ordninga vert sett i gong.

EL-020/14 Uttale i Eldrerådet 14.10.2014:

Norrdal kommune inngår avtale om å kjøpe KAD-plassar frå Ålesund kommune. Avtalen tek til å gjelde 1.1. 2016.

Formannskapet får fullmakt til å godkjenne detaljane i avtalen.

Eldrerådet føreset at ein slik avtale/ordning ikkje blir til ulempe for eldre personar. Det er viktig med god informasjon i god tid før ordninga vert sett i gong.

021/14: Transporttenesta for pasientar i Norrdal**Rådmannen si innstilling:**

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Handsaming:

Eldrerådet kom med slikt forslag til uttale:

1.

Eldrerådet i Norrdal sender bekymringsmelding til fylkeslegen for å sikre ei framtidig kvalifisert og omsorgsfull transportteneste for våre brukarar.

2.
Eldrerådet ber rådmannen utarbeide eit enkelt system for innrapportering av avvik innan helse- og omsorgstenestene. Dette må offentleggjerast.

Det vart røysta punktvis:

Pkt. 1: Samrøystes i samsvar med leiaren sitt forslag.

Pkt. 2: Samrøystes i samsvar med leiaren sitt forslag.

Rådet ber om at uttalen vert sendt rådmannen, formannskapet og kommunestyret.

EL-021/14 Uttale i Eldrerådet 14.10.2014:

1.

Eldrerådet i Norddal sender bekymringsmelding til fylkeslegen for å sikre ei framtidig kvalifisert og omsorgsfull transportteneste for våre brukarar.

2.

Eldrerådet ber rådmannen utarbeide eit enkelt system for innrapportering av avvik innan helse- og omsorgstenestene. Dette må offentleggjerast.

022/14: Språkopplæring til tilsette i helse- og omsorgssektoren

Rådmannen si innstilling:

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Handsaming:

Leiaren kom med slikt forslag til uttale:

1.

Eldrerådet ber om at det blir stilt krav om at søkjarar til stillingar i omsorgsavdelinga må beherske det norske språket, som annonse frå Syltebøen barnehage på kommunen si heimeside.

2.

Kommunen må sette i gong språkopplæring for tilsette i helse- og omsorgsavdelinga som ikkje beherskar norsk språk i den grad ein kan vente av tenesteutøveren.

3.

Eldrerådet ber kommunen utarbeide ei ordbok i lokale dialektuttrykk/-ord slik at kommunikasjonen mellom tenesteutøvar og tenestemottakar kan bli best mogleg.

4.

Eldrerådet meiner det grenser til overgrep å ikkje forstå eller bli forstått av den som skal hjelpe deg.

5.

Turnusen må settast opp slik at det til ei kvar tid er ein eller fleire på arbeid som snakkar godt norsk.



Norddal kommune

Arkiv: 033
JournalpostID: 15/2994
Sakshandsamar:
Dato: 07.04.2015

Saksframlegg

Ferie og fritid for personar som treng følgje

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---------------|--|------------|
| 009/15 | Råd for likestilling av funksjonshemma | 16.04.2015 |

Utsendte saksdokument:

Ikkje utsendte saksdokument:

Framlegg til vedtak:

Råd for likestilling av funksjonshemma ønskjer saka utreda og framlagt på neste den 2. juni 2015.

Saksgrunnlag:

Leiaren i rådet har bede om å få saka opp til behandling.

Saksopplysningar:

Deltaking i fritidsaktivitetar og samfunnsliv elles - utanfor arbeid/skule/utdanning og eigen bustad – er eit ønskje og ein sjølvfølgje frå samfunnet si side. For den einskilde tenestemottakar er ferie og deltaking i kulturaktiviteter ein menneskerett.

Reint økonomisk, praktisk og fagleg følgjer derimot noen utfordringar:

- løn til følgje på reiser?
- utgifter for følgje på reiser?
- utgifter for følgje i aktivitetar?
- er dette kommunen sitt ansvar?
- bør/skal tilbod om ferie og fritids-/kulturaktiviteter innarbeidast i IP og enkeltvedtak?

For å sikre dei som treng følgje ein likeverdig rett til deltaking i samfunnsliv, ferie, kultur- og fritidsaktivitetar, ber vi om at det vert sett på moglegheita for å få innarbeidd ferie og fritid i IP og enkeltvedtak om tenester. Det er viktig at også dei politiske organ i kommunen blir ansvarleggjort m.o.t livskvalitet og deltaking i samfunnet også for dei som treng hjelp, og vi ber difor at passende organ blir konsultert. Det kan være fleire diskusjonstema knytt til ovannemnte, men intensjonen med diskriminering- og tilgjengelighetslova var ein tilrettelegging for deltaking i samfunnsliv på linje med alle andre. Rettskrav om enkeltvedtak på tenester er knytt til minimumskrav. Men det betyr ikkje at kommunen kan gi tenestemottakarar den nødvendige trygghet ved å la enkeltvedtaka omfatte det som er faglig og menneskeleg rimeleg.



Norddal kommune

Møteprotokoll

Utval: Råd for likestilling av funksjonshemma
Møtestad: Rådhuset
Dato: 16.04.2015
Tid: 13:00 – 15:40

Medlemmer:

Svein Vidar Normann, leiar
Johan Overå
Ivar Normann Heggen
Lillian Almstad

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Tor Helge Stavdal – *møtte på felles orienteringsmøte med Eldrerådet*
Ordførar Bjørn Inge Ruset – *møtte på felles orienteringsmøte med Eldrerådet*
Bente Klakken Osvik møtte som sekretær

Svein Vidar Normann
leiar

Bente Klakken Osvik
konsulent/sekretær

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FUNK-007/15 Vedtak i Råd for likestilling av funksjonshemma 16.04.2015:

Rådet ønsker dette framlagt på neste møte sammen med ei orientering.

008/15: Årsmelding 2014 - Råd for likestilling av funksjonshemma i Norddal

Rådmannen si innstilling:

Årsmelding 2014 for likestilling av funksjonshemma i Norddal vert godkjent.

Handsaming:

Leiaren ba om at det vart føyd til eit nytt kulepunkt under saker som ha vore behandla/ orientert om:

- Busslomme på Linge

Leiaren kom med slikt forslag til vedtak:

1. Råd for likestilling av funksjonshemma si årsmelding for 2014 vert godkjent, med den endringa som vart lagt fram i møtet.
2. Med heimel i lova for rådet § 7, oversender rådet si årsmelding for 2014 til behandling i kommunestyret,
3. Årsmeldinga vert også sendt Råd for likestilling av funksjonshemma i fylket,

Røysting:

0 røysta for innstillinga

4 røysta for leiaren sitt forslag.

FUNK-008/15 Vedtak i Råd for likestilling av funksjonshemma 16.04.2015:

1. Råd for likestilling av funksjonshemma si årsmelding for 2014 vert godkjent, med den endringa som vart lagt fram i møtet.
2. Med heimel i lova for rådet § 7, oversender rådet si årsmelding for 2014 til behandling i kommunestyret,
3. Årsmeldinga vert også sendt Råd for likestilling av funksjonshemma i fylket,

009/15: Ferie og fritid for personar som treng følge

Framlegg til vedtak:

Råd for likestilling av funksjonshemma ønskjer saka utreda og framlagt på neste den 2. juni 2015.

Handsaming:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FUNK-009/15 Vedtak i Råd for likestilling av funksjonshemma 16.04.2015:

Råd for likestilling av funksjonshemma ønsker saka utreda og framlagt på neste den 2. juni 2015.

010/15: Synfaring

Framlegg til vedtak:

Stader for synfaring vert bestemt av rådet i møtet.

Handsaming:

Utvalet kom samrøystes fram til slikt forslag:

1. Rådet gjekk samrøystes inn for at det før neste møte vert synfaring på:
Skredsenteret i Tafjord
Storfjord helsesenter
2. Rådet skriv brev til RIMI med oppfordring til at det vert oppmerka parkeringsplassar for handikappa nærast mogleg inngangane.

FUNK-010/15 Vedtak i Råd for likestilling av funksjonshemma 16.04.2015:

1. Rådet gjekk samrøystes inn for at det før neste møte vert synfaring på:
Skredsenteret i Tafjord
Storfjord helsesenter
2. Rådet skriv brev til RIMI med oppfordring til at det vert oppmerka parkeringsplassar for handikappa nærast mogleg inngangane.

NFU Norddal Lokallag
Jostein Dalen
6212 Liabygda

28.12.2015.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

MANGEL PÅ BRUKERMEDVIRKNING

Norsk Forbund for Utviklingshemmede - NFU - Norddal Lokallag ønsker vurdert brukermedvirkning sett i forhold til:

1. Lov om kommunale helse og omsorgstjenester m.m. (helse -og omsorgstjenesteloven) kap 3. - § 3-10 1., 2. og 3. ledd.
2. Vedtak i Norddal kommunestyre den 12.02.2015 i KS 005/15 pkt. 7.
3. Uttale fra Råd for likestilling av funksjonshemmede under orienteringssaker i møte den 04.06.2015.
4. Notat fra rådmannen av 17.07.2015.

NFU har ikke blitt kontaktet om omleggingsarbeidet innen heimetjenestene.

Lokkallet har tidligere bedt om regelmessige møter uten at dette er imøtekommet, skriftlig spurt om ivaretagelse av brukermedvirkning av de som bor på Elvetun uten å få svar og påpekt manglende brukermedvirkning i høringsuttalelser.

NFU mener at brukermedvirkning er en menneskerett, at brukerne og deres pårørende utgjør en ressurs og at brukerinformasjon ikke er brukermedvirkning.

På forhånd takk!

NFU Norddal Lokallag


Jostein Dalen
leiar

6212 Liabygda

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Norddal kommune

Dato: 08.02.2016

**SAK 05/16
TVIST MELLOM KOMMUNEN OG GRUNNEIGAR VEDKOMANDE
DEPONERING AV MASSE**

Det blir vist til vedlegga i saka. Rådmannen blir kalla inn til møtet for å gjere greie for kommunen si handtering av denne tvisten og kva kommunen har tenkt å føreta seg for å løyse denne.

Harald Rogne
dagleg leiar

13/646

Ålesund 25. 04. 2013

Inger Margrethe Aasen

Indre Hatlen 12

6016 Ålesund

Norrdal kommune

v/ ordfører Bjørn Inge Ruset

6210 Valldal

Brevet gjelder ulovlig deponering av masse på privat grunn, gardsnr. 54 bnr. 2, langs kommunal vei til Hallstad.

Høsten 2011 ryddet Norrdal kommune grøftene langs Hallstadvegen. Da deponerte kommunen leirmasse uten avtale og tillatelse fra oss, på en fin teig langs Hallstadelva, før brua. Teigen tilhører gnr. 54 bnr. 2, på Hallstad.

Måten massen ble lagt på, vitner om en total mangel på estetisk sans. Store deler av teigen ble ødelagt av ubrukelig masse som fløt helt ned til elva.


Egentlig burde vi anmeldt denne saken. Ved tre anledninger tok vi muntlig kontakt med personer fra kommunen om forholdet, og ba om at de ryddet opp og tilbakeførte teigen til slik den var. Ingen ting har skjedd.

Derfor gir vi her en skriftlig og klar beskjed om at teigen må ryddes og massen fjernes. Hvis ikke kommunen gjør noe, må vi anmelde saken.

For noen år siden hadde vi et godt samarbeid med Norrdal kommune gjennom ordfører Arne Sandnes. Saken gjaldt da bygging av parkeringsplass m. m. ved bygging av Dyrdalsvegen. For oss ser det ut som om kommunen i denne saken har lagt seg på en annen linje ved ulovlig å ta seg til rette på annen manns grunn. Vi ber nå om at kommunen samarbeider, rydder teigen og fjerner massen.

Med hilsen for Inger Margrethe Aasen, tlf. 70 15 50 59

Kjell Steinar Aasen



13/646

Ålesund 05. 07. 2013

Inger Margrethe Aasen

Indre Hatlen 12

6016 Ålesund

Norddal kommune

v/ ordfører Bjørn Inge Ruset

6210 Valldal

Brevet gjelder fjerning av ulovlig deponert masse på privat grunn,

gardsnr. 54 bnr. 2.

Vi har i tre muntlige henvendelser til kommunen, samt i brev datert 25. 04. 2013, klaget over at masse, uten tillatelse fra oss, ble dumpet på et område tilhørende bnr. 2 på Hallstad. Nå, etter over 2 måneder, har vi enda ikke fått svar på brevet. Ifølge Forvaltningsloven har vi krav på skriftlig tilbakemelding innen 3 uker.


Vi ber nå Norddal kommune, innen 1 uke etter å ha mottatt dette brevet:

1. skriftlig beklager det som har skjedd.
2. gir oss en plan over når dere fjerner massen og tilbakefører området til slik det var.

Vi gjør Norddal kommune oppmerksom på at massen som er dumpet, bl. a. inneholder gammel asfalt- og mye leire, som på sikt kan sige ut i Hallstadelva.

Med hilsen for Inger Margrethe Aasen tlf. 70 15 50 59

Kjell Steinar Aasen





Inger Margrethe Aasen
Indre Hatlen 12

6016 ÅLESUND

Vår ref.
13/646/Q07/DALI/70258821

Dykkar ref.

Dato:
08.07.2013

Gjeld fjerning av ulovleg deponert masse på privat grunn gnr 54, bnr 2 - førebels svar

Vi har motteke dykkar brev datert 05.07.13.
Saka er sendt til Yngve Hovden som er saksbehandlar, med kopi til ordføraren.

Dette til orientering.

Med helsing

Dagrun Lilleås Arctander
konsulent



Inger Margrethe Aasen
Indre Hatlen 12

6016 ÅLESUND

Vår ref.
13/646/Q07/YNHO/70258854

Dykkar ref.

Dato:
09.07.2013

Gjeld fjerning av ulovleg deponert masse på privat grunn gnr 54, bnr 2

Viser til brev datert 05.07. 2013. deponering av masser.

Norddal kommune fikk i 2011 en munnleg av tale med grunneigar Gnr: 54 Brn: 2 på Hatlestad, å midlertidig deponere masser frå grøfterensk frå Hatlestadvegen.

I den avtalen vart det sagt frå Norddal kommune si side at all masse skulle fjernast på et seinare tidspunkt, men grunneigar meinte at deler av massane kunne planerast i dette området. Det er med litt undring vi no får brev der grunneigar kjem med heilt andre utsegn enn det som vart nemnt i 2011.

Norddal kommune vil etter denne heilomvending i saka, fjerne all masse og planere området slik det opphavleg var. Planen er no at dette skal være utført i løpet av hausten 2013.

Med helsing

Yngve Hovden
Driftsleiar Fdv
Norddal kommune

13/646

Kjell Steinar Aasen
Indre Hatlen 12
6016 Ålesund

Ålesund 16. 05. 2014

Ordfører Bjørn I. Ruset
Norddal kommune
6210 Valldal

Brevet gjelder fjerning av veimasse plassert på en teig på br. nr 2,
Hallstad.

Dette er en sak som startet med en misforståelse mellom partene. Vi har gjentatte ganger de 2 siste årene bedt om at denne massen fjernes. Bl. a. har det blitt sendt et rekommendert brev til ordfører Bjørn Inge Ruset. I tillegg har vi 2- 3 ganger hatt kontakt med teknisk avdeling i Norddal kommune. Den siste beskjeden vi fikk der, var at arbeidet kunne starte om "et par uker". Men den uttalelsen kom høsten 2013!

Vi hadde et godt samarbeid med Norddal kommune ved bygging av parkeringsplassen for Dyrdalsvegen, - den gang var Arne Sandnes ordfører.

Vi synes det er trist at det nå ikkje skal være mulig å få en løsning på denne saken.

Karl Inge Lilleås kan være behjelpelig med å finne en plass å plassere massen.

Med hilsen
Kjell Steinar Aasen



13/646

Inger Margrethe Aasen

Ålesund 26. 06. 2014

Indre Hatlen 12

6016 Ålesund

Norrdal kommune

v/ ordfører Per Magnus Berge

6210 Valldal

Brevet gjelder midlertidig deponering av masse på privat grunn, gardsnr. 54 bnr. 2, langs kommunal vei til Hallstad.

Jeg viser til tidligere brev stilet Norrdal kommune, datert 25. 04. 2013, 05. 07. 2013 og 16. 05. 2014 (se vedlegg).

Etter muntlig avtale pr. telefon med undertegnede, kunne kommunen midlertidig deponere masse på et avtalt sted. Etter deponering skulle kommunen fjerne massen, som bestod av hovedsaklig leire, men også gammel asfalt(spesialavfall).

Etter mer enn 2 1/2 år ligger massen fortsatt(på eiendoms grunn), og vi vil nå ha massen fjernet i inneværende år(2014).

Vi ber om at Norrdal kommune innen en uke, svarer skriftlig på om når de vil fjerne massen og tilbakefører teigen til slik den var.

Dersom vi ikke snarest får tilbakemelding om når kommunen fjerner massen, vil vi gå videre med saken.

Med hilsen for Inger Margrethe Aasen, tlf. 70 15 50 59

Kjell Steinar Aasen

13/646

Ålesund 28. 05. 2015

Kjell Steinar Aasen

Indre Hatlen 12

6016 Ålesund

Norrdal kommune

v/ rådmannen

6210 Valldal

Brevet gjeld dumping av masse ved Hallstadelva på gnr. 54 bnr. 2 hausten 2011.

Vi syner til telefonsamtalar med- og fire brev til Norrdal kommune, datert 25. 04. 2013, 05. 07. 2013, 16. 05. 2014 og 26. 06. 2014(sjå vedl.)

Med aukande mengde nedbør i åra som kjem, fryktar vi at massen vil sige ut i Hallstadelva. Då blir det truleg oppdemming, og store mengder vatn vil fløyne utover dyrka mark. Elva vil kome til å lage eit nytt løp.

Vi har merka oss at Norrdal kommune ikkje svarar på dei breva dei har fått. Dette er eit klart brot på Forvaltningslova.

Vi ber om **skriftleg svar** på når Norrdal kommune vil fjerne massen og føre området tilbake til slik det var.

Dersom svar ikkje ligg føre innan ei veke, går heile saka til Fylkesmannen.

Med helsing



Kjell Steinar Aasen



Norddal kommune

Forvaltning drift og vedlikehald

- ein
verdsarvkommune

Kopi.

Kjell Steinar Aasen
Indre Hatlen 12

6016 ÅLESUND

Vår ref.
13/646/FA - Q07/50/70258854

Dykkar ref.


Dato:
16.06.2015

Svarbrev vedk. deponering av masse ved Hallstadelva på gnr 54/2 - etterlyser svar

Vi har av ulike årsaker ikkje fått fjerna denne massa. Etter muntleg avtale med grunneigar den gangen skulle grøftemassene plasserast der den no ligg.

Vi tar sikte på å få dette utført høsten 2015. Grunneigar vil bli innkalla til en befarung av området når dette arbeidet er starta.

Med helsing



Yngve Hovden
teamleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Postadr.:
Postboks 144
6211 Valldal

E post/heimeside
post@norddal.kommune.no
www.norddal.kommune.no

Telefon/telefaks
70 25 88 00
70 25 88 01

Bankgiro:
4020 07 00122

Organisasjonsnr.
939 396 268

13/646

Kjell Steinar Aasen

Indre Hatlen 12

6016 Ålesund

Ålesund 05. 09. 15

Rådmann Tor Helge Stavdal

Postboks 144

6211 Valldal

Angående deponering av masse ved Hallstadelva på gnr. 54/ 2

Jeg viser til brev med referanse 13/ 646/ FA, datert 16. 06. 15 (se vedl.)

La meg først få si at vi er glade for at denne saken nå ser ut til å kunne bli løst. Jeg vil likevel poengtere at det nå er høst, og at det haster med å komme i gang med arbeidet.

I brevet fra Norddal kommune antydes det at vi vil bli kalt inn til befaring når arbeidet er startet. Det er vel best med befaring før arbeidet tar til. Vi krever at befaringen skjer på en lørdag, slik at det skal være mulig for oss å delta. Etter alle vanskene vi har hatt med denne saken, regner vi med at dette lar seg gjøre.

Med hilsen



Kjell Steinar Aasen

Vedl: Svarbrev fra Yngve Hovden, teamleiar



Kjell Steinar Aasen
Indre Hatlen 12

6016 ÅLESUND

Vår ref.
13/646/FA - Q07/50/70258854

Dykkar ref.

Dato:
05.11.2015

Svar på brev vedk. Deponering av masse ved Hallstadelva på gnr 54/2

Viser til tidligare brev i denne saka.

Norddal kommune har no starta arbeidet med å fjerne grøftemassene som var avtalt kunne plasserast etter anvisning frå grunneigar.

For å få avslutta dette har Norddal kommune starta med å transportere massene til anna deponi. Terrenget er no tilnærma slik det såg ut før deponering.

Det blir ingen befaring på en laurdag slik grunneigar krev.

Ber med dette om forslag til tidspunkt for befaring på en dag, måndag/tysdag/torsdag eller fredag. Onsdager er vi opptatt med andre oppgåver.

Med helsing

Yngve Hovden
teamleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

13/646

Kjell Steinar Aasen

Indre Hatlen 12

6016 Ålesund

Ålesund 27. 11. 15

Rådmann Tor Helge Stavdal

Postboks 144

6211 Valldal

Angående deponering av masse ved Hallstadelva på gnr. 54/ 2

Viser til brev(datert 16. 06. 15 og 05. 11. 15) frå teamleiar Yngve Hovden.

Vi ble fortalt at "Grunneigar vil bli innkalla til en befaring av området når dette arbeidet er starta". Vi ba om befaring før arbeidet tok til. Forsknekkelsen var stor da vi 05. 11. 15 fikk vite av folk i Dalsbygda at Norddal kommune hadde startet- og trolig fullført arbeidet. Grunneier var ikke varslet. Dette er svært kritikkverdig! 05. 11. 15 var allerede anleggsmaskinene fjernet fra området. Det stemmer derfor ikke når det i brevet hevdes at "Norddal kommune har no starta arbeidet med å fjerne grøftemassene"

Siden Norddal kommune ikke kom oss i møte med befaring på en lørdag , foretok vi selv befaring 15. 11. 15. Vi er ikke enig i utsagnet om at "Terrenget er no tilnærma slik det såg ut før deponering". Det ligger for mye masse ned mot elva. Skråningen mot elva er for bratt. Massen vil trolig sige ut i elva. Området inntil Hallstadvegen var tidligere en fin teig med busker, trær og bærmark. Her var oppstillingsplass for kun 1- 2 biler. Nå framstår området som en stor parkeringsplass.

Som grunneier, godtar vi ikke det utførte arbeidet. Vi krever at Norddal kommune fjerner all masse fra teigen innen 15. 06. 2016.

Med hilsen *Kjell Steinar Aasen*

Kjell Steinar Aasen